



# Masfjorden kommune

## Innkalling av Kommunestyret

**Møtedato:** 30.10.2017  
**Møtestad:** Matre skule  
**Møtetid:** 12:00 - 17:00

Eventuelle forfall må meldast til Anne Kristin Rafoss per tlf. 56166291, sms til 90898072 eller per epost til [anne.kristin.rafoss@masfjorden.kommune.no](mailto:anne.kristin.rafoss@masfjorden.kommune.no)

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

### Saksliste:

- 059/2017 Godkjenning av innkalling og sakliste
- 060/2017 Godkjenning av møtebok
- 061/2017 Oppretting av ungdomsråd i Masfjorden
- 062/2017 Vedtekter for Masfjorden ungdomsråd
- 063/2017 Kommunale omsorgsbustader på Haugsvær
- 064/2017 Revisjon og utviding av feietenesta
- 065/2017 Budsjettendring 2017/Masfjordsambandet
- 066/2017 Referatsak
- 002/2017 Orientering frå rådmann

23. oktober 2017

Karstein Totland  
møteleiar

Anne Kristin Rafoss  
sekretær

## Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Anne Kristin Rafoss		17/1045

Saknr	Utval	Type	Dato
059/2017	Kommunestyret	PS	30.10.2017

### Godkjenning av innkalling og sakliste

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjend

#### Saksopplysningar:

## Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Anne Kristin Rafoss		17/1045

Saknr	Utval	Type	Dato
060/2017	Kommunestyret	PS	30.10.2017

### Godkjenning av møtebok

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møtebok vert godkjend.

#### Saksopplysningar:

## Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Alf Magnar Strand	FE - 033	17/967

Saknr	Utval	Type	Dato
090/2017	Formannskapet	PS	19.10.2017
061/2017	Kommunestyret	PS	30.10.2017

### Oppretting av ungdomsråd i Masfjorden

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Skriv inn framlegg til vedtak her

#### Saksopplysningar:

##### Bakgrunn/ Fakta/ Vurdering

Kommunestyret har vore oppteke av at ungdomsrådet i Masfjorden skal komma i gang att. Det har ikkje vore i aktivitet sidan 2010. Den viktigaste grunnen til at me ikkje har hatt eit fungerande ungdomsråd, er at det har vore vanskeleg å finna ein kontaktperson i administrasjonen som kan ha arbeidet i ungdomsrådet som ei av sine oppgåver.

I kommunestyremøtet 21. september d.å fekk kommunestyret orientering om at sak om oppretting av ungdomsråd vil bli fremja for kommunestyret til møtet 30. oktober.

Rådmannen meiner det er viktig at ungdomsråd blir etablert på nytt. For at ungdomsrådet så smått kan komma i gang med arbeidet dette skuleåret, må ein vedta ei ordning for representasjon som gjeld fram til val kan haldast ved starten av eit nytt skuleår.

Rådmannen meiner at det mest praktiske for å få arbeidet i gang er å setja saman eit ungdomsråd med to representantar frå kvar skule. Desse to vert utnemnde frå elevrådet på kvar skule og blir sitjande ut skuleåret. Korleis ungdomsrådet skal samansetjast, funksjonstid m.m må gå fram av vedtektene.

#### Konklusjon

Det vert oppretta ungdomsråd for Masfjorden frå januar 2018. Framlegg til vedtekter for ungdomsrådet vert handsama som eiga sak.

## **Formannskapet - 090/2017**

### **FS - behandling:**

Saka vart drøfta.

Det vart jobba fram følgjande framlegg til vedtak i møtet:

Masfjorden ungdomsråd vert oppretta i 2018. Framlegg til vedteketer for ungdomsrådet vert handsama som eige sak.

Framlegg til vedtak jobba fram i møtet vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

### **FS - vedtak:**

Masfjorden ungdomsråd vert oppretta i 2018. Framlegg til vedtekter for ungdomsrådet vert handsama som eiga sak.

## Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Alf Magnar Strand	FE - 033	17/967

Saknr	Utval	Type	Dato
091/2017	Formannskapet	PS	19.10.2017
062/2017	Kommunestyret	PS	30.10.2017

### Vedtekter for Masfjorden ungdomsråd

32T

**Journalposttittel**

Vedtekter for Masfjorden ungdomsråd

**Dato**

12.10.2017

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Skriv inn framlegg til vedtak her

**Saksopplysningar:****Bakgrunn/ Fakta/ Vurdering**

Ungdomsrådet må ha vedtekter som regulerer arbeidet i rådet. Kommunestyret godkjenner vedtektene. Framlegget til vedtekter byggjer på vedtektene som gjeld for Radøy kommune og retningslinjer for ungdomsråd i Sogn og Fjordane, utarbeidd av Fylkesting for ungdom. Radøy har hatt eit velfungerande ungdomsråd i mange år.

**Konklusjon**

Framlegget til vedtekter for Masfjorden ungdomsråd vert vedteke slik det ligg føre.

**Formannskapet - 091/2017****FS - behandling:**

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

**FS - vedtak:**

Framlegg til vedtekter for Masfjorden ungdomsråd vert vedteke slik det ligg føre.

## Vedtekter for Masfjorden ungdomsråd

### § 1 Mandat, føremål og oppgaver

- a) Masfjorden ungdomsråd er eit vald organ med oppgåve å ivareta interessene til barn og ungdom i Masfjorden kommune
- b) Føremålet med ungdomsrådet er m.a. å
  - ta opp til drøfting barn og unge sine interesser i kommunen
  - vera orientert om viktige saker i kommunen
  - vera hørings-/rådsorgan for kommunen i saker som vedkjem dei unge sitt barne- og oppvekstmiljø
  - vera pådrivar for det frivillige og offentlege barne- og ungdomsarbeidet i kommunen
- c) Oppgåvene til ungdomsrådet er m.a. å arbeida for
  - meir allsidig kultur- og idrettstilbod
  - etablering av møteplassar for ungdom
  - etablera ordningar kring arrangement og aktivitetar
  - betre tilhøve for mjuke trafikantar
  - at barn og unge sine interesser vert ivaretatt i kommunalt planarbeid
  - oppretting/ivaretaking av jobbsentral for ungdom
- d) Ungdomsrådet får budsjettmidlar på eigen post i kommunebudsjettet og har delegert vedtaksrett for egne budsjettmidlar

### § 2 Funksjonstid og samansetjing

- a) Masfjorden ungdomsråd vert vald om hausten (august/september) og vert samansett slik: To representantar for kvar ungdomsskule med vararepresentant av motsett kjønn. Vala vert organisert på kvar skule og gjeld for eit år med høve til attval. Minst 40 % av kvart kjønn.
- b) Ungdomsrådet konstituerer seg sjølv og vel leiar, nestleiar og sekretær. Desse utgjer eit arbeidsutval. Leiar har dobbelrøyst dersom det er likt røystetal i ei sak.
- c) Ungdomsrådet får høve til å stilla med 2 representantar som har talerett i kommunestyret og formannskapet i saker som ungdomsrådet har gjeve skriftleg uttale i.

### § 3 Kontaktperson

- Rådmannen oppnemner kontaktperson frå administrasjonen. Kontaktpersonen sine oppgaver er å
- hjelpa til ved val
  - vera kasserar i Ungdomsrådet
  - hjelpa Ungdomsrådet med å etablera nødvendig kontakt med kommunale organ
  - ha ansvar for kontinuitet i Ungdomsrådet
  - ha ansvar for opplæring/informasjon

### § 4 Møteverksemd

- a) Ungdomsrådet har møte minst 2 gonger kvart halvår, men elles så ofte det er behov. Møta er opne. Arbeidsutvalet har møte etter behov.
- b) Innkalling til møta med sakliste skjer frå Ungdomsrådet sin leiar i samarbeid med sekretær, minst ei veke på førehand. Saker som skal opp til handsaming, må vera sendt leiar/sekretær i god tid før møtet. Ungdomsrådet kan fritt fremja dei sakene dei er opptekne av.
- c) Møta vert leia av leiaren, og av nestleiar dersom leiar ikkje er til stades
- d) Medlemane har møteplikt dersom dei ikkje har gyldig fråvere. Ungdomsrådet bør ta stilling til kva som er gyldig forfall
- e) Ungdomsrådet kan kalla inn ordførar, rådmann eller andre i administrasjonen til møta.
- f) Barnas representant i planutvalet har møterett i Ungdomsrådet.



Dagsorden for møta:

- Godkjenning av innkalling og sakliste
- Statusrapport ved leiar og kontaktperson
- Handsaming av sakene på saklista
- Eventuelt

g) Ungdomsrådet skal kvart år utarbeida ei kortfatta årsmelding

h) Kommunen dekker reiseutgiftene i samband med møte i ungdomsrådet og arbeidsutvalet

## **§5 Opplæring/Informasjon**

Kontaktpersonen har ansvar for nødvendig informasjon/opplæring om Ungdomsrådet i elevråd og i ungdomsskuleklassar. Det skal særleg leggjast vekt på opplæring/informasjon om demokrati/beslutningsprosessar, samt innføring i Ungdomsrådet sin funksjon og saksgang. Ungdomsrådet kan nytta kommunen si heimesida som informasjonsorgan.

## **§ 6 Endring av vedtektene**

Vedtektene skal takast opp til vurdering av Ungdomsrådet og kommunestyret innan 2 år

## Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Helga Ellingsen	FA - H41	17/832

Saknr	Utval	Type	Dato
092/2017	Formannskapet	PS	19.10.2017
063/2017	Kommunestyret	PS	30.10.2017

### Kommunale omsorgsbustader på Haugsvær

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune kjøper 2 utseksjonerte bueiningar som skal nyttast som omsorgsbustader i Haugsværtunet AS. Dette er med atterhald av at kommunen får statleg finansiering til 2 omsorgsbustader gjennom Husbanken. Masfjorden kommune skal eige desse to bustadane, og er ansvarleg for å leige dei ut etter regelverk for omsorgsbustader.

Kjøp av 2 utseksjonerte omsorgsbustader på Haugsvær blir lagt inn i økonomiplan 2018 – 2021.

#### Saksopplysningar:

##### Bakgrunn

Haugsværtunet AS har arbeida i 2 år med å etablere nye bustader på Haugsvær. Haugsværtunet har avtale med grunneigar om opsjon for kjøp av området ved Haugsværtunet. Haugsværtunet AS har plan om å bygge tilsaman 12 leilegheiter på Haugsvær. For å komme i gong med byggeprosjektet har Haugsværtunet sendt inn spørsmål om Masfjorden kommune kan kjøpe 2 eller 4 leilegheiter, slik at utbygger kan bygge 2 eller 4 leilegheiter.

##### Fakta

Masfjorden kommune har slik fordeling på omsorgsbustader;

4 bustader på Matre bygd i1987

5 på Haugsvær, der 4 er bygd i 1999 og 1 er bygd i 1991.

4 bustader på Sandnes bygd i 2004

9 bustader på Hosteland, der 5 er bygd i 1998 og 4 er bygd i 2010.

10 nye omsorgsbustader skal byggast på Hosteland – ferdig i 2019.

## Vurdering

Masfjorden kommune har ei demografisk utfordring med at det blir fleire eldre i kommunen, og behovet for omsorgsbustader aukar. Behovet og ynskje om omsorgsbustader har endra seg over tid. I dag opplever kommunen at dei som søkjer på omsorgsbustad, aller helst vil ha den i nærleiken av sjukeheimen, eller basen til heimetenestene.

I indrefjorden har kommunen i dag 4 omsorgsbustader på Matre, og dette er bustader som er 30 år gamle og treng rehabilitering. Frå den tid desse bustadane vart bygd og fram til i dag har samfunnet og endra seg. Butikken på Matre er flytta til Haugsvær, det same har basen til heimetenestene. Dette har ført til at omsorgsbustadane på Matre ikkje lenger eignar seg til eldre med meir omfattande behov for hjelp og tilsyn. Dette medfører at det er få eldre som ynskjer å flytte inn i desse omsorgsbustadane.

Nye omsorgsbustader på Haugsvær har mange positive sider. Desse bustadane vil ligge rett ved den lokale butikken, og i nærleiken av basen til heimetenestene. Det er og mogeleg å kunne utvikle den felles møteplassen på Haugsvær, som i dag er i eit lite lokale ved butikken. Her er driv frivillige møteplass for seniorar i samarbeid med heimetenesta. Det er ikkje fellesareal i bygga med dei eksisterande omsorgsbustadane på Haugsvær. Nye omsorgsbustader på Haugsvær vil og medføre at dei med meir omfattande behov for hjelp og tilsyn kan bu i omsorgsbustad, fordi dei er tett med basen til heimetenestene. Det er viktig å planlegge omsorgsbustader med tanke på meir effektiv tenester. Når mest mogleg av omsorgsbustader blir plassert i nærleiken av heimetenestene, vil ein kunne oppnå gevinstar i høve tidsbruk mellom brukarar, og betre oppfølging av brukarar. 2 nye omsorgsbustader på Haugsvær vil og bidra til at det store presset på sjukeheims plassar vil kunne reduserast på sikt.

Behovet for framtidige omsorgsbustader i Indrefjorden er avhengig av kva kommunen skal gjere med dei 4 omsorgsbustadane på Matre. Eit alternativet er å rehabilitere desse, og nytte dei til andre brukargrupper enn eldre. Det at kommunen skal arbeide for å naturleg skilje brukargrupper, er i tråd med kommuneplan for helse, omsorg og sosial 2014 – 2026. Eit anna alternativ er at kommunen på sikt kan selje desse omsorgsbustadane.

I byggeprosjektet til Haugsværtunet AS er det planlagt til samane 12 bustader, med ei trinnvis utbygging. Dette gjer at kommunen ved seinare høve kan vurdere om ein skal etablere fleire omsorgsbustader i dette konseptet. Dette gjer at Masfjorden kommunen har vurdert at to nye omsorgsbustader på Haugsvær er tilstrekkeleg, inntil ein har avklart kva kommunen skal gjere med omsorgsbustadane på Matre.

## Økonomi

Masfjorden kommune legg opp til å seksjonere ut og eige 2 nye omsorgsbustader på Haugsvær. Dette skal finansierast gjennom husleige og tilskot frå Husbanken til omsorgsbustader. I 2017 er tilskot frå husbanken på maksimal sats 1 415 000 kroner per omsorgsbustad.

## Konklusjon

Masfjorden kommune kjøper 2 utseksjonerte omsorgsbustader i Haugsværtunet AS, med føresetnad om at kommunen får statleg tilskot til 2 omsorgsbustadar.

## **Formannskapet - 092/2017**

### **FS - behandling:**

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

### **FS - vedtak:**

**Masfjorden kommune kjøper 2 utseksjonerte bueiningar som skal nyttast som omsorgsbustader i Haugsværtunet AS. Dette er med atterhald av at kommunen får statleg finansiering til 2 omsorgsbustader gjennom Husbanken. Masfjorden kommune skal eige desse to bustadane, og er ansvarleg for å leige dei ut etter regelverk for omsorgsbustader.**

**Kjøp av 2 utseksjonerte omsorgsbustader på Haugsvær blir lagt inn i økonomiplan 2018 – 2021.**

## Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sigvald Kvinge	FA - M88	17/902

Saknr	Utval	Type	Dato
093/2017	Formannskapet	PS	19.10.2017
064/2017	Kommunestyret	PS	30.10.2017

### Revisjon og utviding av feietenesta

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune vedtek å utvide feietenesta frå 1 til 2 heile stillingsheimlar som feiar, samt ei stilling for administrative og merkantile oppgåver. Dette innafor sjølvkost og på bakgrunn av krav i forskrift om feiing og tilsyn av fritidsbustader.

Heimel: Forskrift om brannførebygging av 1. januar 2016

#### Saksopplysningar:

##### Bakgrunn

I dag er feietenesta eit samarbeid mellom kommunane Gulen, Solund, Modalen og Masfjorden. Masfjorden kommune er vertskommune. Det er i dag tilsett ein feiar i tenesta som rapporterer til brannsjefen i Masfjorden og Gulen.

På bakgrunn av nye sentrale krav skal ein no også gjennomføra feiing og tilsyn på fritidsbustader, noko som for vår feietenesta meir enn doblar talet piper og eldstader.

Det er vedteke ei lokal forskrift for feietenesta, samt at ein har behov for å tilsette ein ny 100 % fast stilling som feiar. For å få ei mest mogeleg effektiv teneste er det også behov for å ha ein merkantil funksjon for å ivareta merkantile oppgåver.

##### Vurdering:

Dagens feieteneste er ei sårbar teneste i forhold til ivaretaking av HMT fordi ein arbeider åleine. Dette vert ytterlegare forsterka når ein no også skal utføra feiing og tilsyn på hytter i fjellet og på dei ytterste øyane mot havet. For å kunne gjennomføre feiing og tilsyn i fjellet og andre avsidesliggende plassar må ein leggja til rette for at ein ikkje arbeider åleine.

I oppstartfasen vil det vera meir arbeid knytt til administrative oppgåver. Konkret går dette på å registrera status og behov på den einskilde fritidsbustad, tal og tilstand piper, tal og tilstand

eldstader, m.m. Dette kartleggingsarbeidet er ressurskrevande, men heilt naudsynt for å ha eit grunnlag for å vurdera, mellom anna, kor ofte pipa treng feiing.

Feieteneste er basert på sjølvkost. Det er eit mål at feiatenesta skal kosta det same i alle deltakarkommunane. I dag er avgifta litt varierende med ein differanse på ca 20 kroner.

Rådmannen vurderer det slik at det på grunnlag av dette er behov for å tilsette ein ny feiar i 100 % stilling og i tillegg ein delstilling knytt til administrasjon/merkantile oppgåver.

Ei slik løysing vil gje ei mykje meir robust teneste, betre ivaretaking av HMT enn den ein har i dag og vil bidra til ei teneste som vil gje eit fagleg godt miljø, samt ei god og framtidsretta teneste.

#### **Konklusjon:**

Masfjorden kommune vedtek å utvide feiatenesta frå 1 til 2 heile stillingsheimlar som feiar, samt ei stilling for administrative og merkantile oppgåver. Dette innanfor sjølvkost og på bakgrunn av krav i forskrift om feiing og tilsyn av fritidsbustader.

#### **Formannskapet - 093/2017**

##### **FS - behandling:**

Saka vart drøfta.

Det vart jobba fram følgjande framlegg til endring i andre setning i framlegg til vedtak:

Administrative og merkantile oppgåver for feiatenesta skal løysast ved eigne, interne ressurser.

Framlegg til vedtak med endringa jobba fram i møtet vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

##### **FS - vedtak:**

**Masfjorden kommune vedtek å utvide feiatenesta frå 1 til 2 heile stillingsheimlar som feiar. Administrative og merkantile oppgåver skal løysast ved eigne, interne ressurser. Dette innafor sjølvkost og på bakgrunn av krav i forskrift om feiing og tilsyn av fritidsbustader.**

**Heimel: Forskrift om brannførebygging av 1. januar 2016**

## Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Helge Hofslundsengen	FE - 202, FA - Q31, TI - &86	17/998

Saknr	Utval	Type	Dato
095/2017	Formannskapet	PS	19.10.2017
065/2017	Kommunestyret	PS	30.10.2017

### Budsjettendring 2017/Masfjordsambandet

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Driftsbudsjettet for 2017 vert justert med ein brutto kostnad knytt til Masfjordsambandet i 2017 med 6 mill.kr., og denne posten vert finansiert med 1,2 mill.kr. i mva.kompensasjon og restsum vert dekket av fondsmidlar, 4,8 mill.kr. av tidlegare års avsette midlar til «brufondet».

#### Saksopplysningar:

##### Bakgrunn

Framdrift av Masfjordsambandet er avhengig av at Masfjorden kommune tek ein del kostnader og arbeid for å drive fram prosjektet før forventede prinsippvedtak i Hordaland fylkesting i desember 2017. Dette er forhold som er nødvendige for i det heile å komme i posisjon til å få realisert prosjektet, og budsjettendringsak vart «varslet» i samband med sist kommunestyremøte 21.09.17 etter at kommunen måtte ta ei hastevgjerd for finansiering av KS2 rapport, samt statusinfo gitt i samband med 2.tertialrapport 2017, og at det var behov for ei formell budsjettjustering for 2017.

##### Uttale

Utdrag frå saka om 2.tertialrapport 2017, Det er pr. 2.tertial bokført nær 1,1 mill.kr. i kostnader knytt til realisering av Masfjordsambandet, og det er forventet at denne kostnaden vert vesentleg høgare i løpet av året – stipulert til 4-5 mill.kr., og dette er eit forhold som vil ha stort utslag på netto driftsresultat i 2017, og som kan medverke til at ein ikkje når målsetjinga for netto driftsresultat på 1,75% i 2017. Legg til grunn at desse kostnadene vert dekket av fond, og dermed ikkje konsekvensar for sjølve rekneskapsresultatet.

##### Fakta

Pr. 3.oktober 2017 har det påløpt litt over 3,8 mill.kr. netto (etter frådrag av mva., og om lag 4,7 mill.kr. brutto) i driftsrekneskapan til Masfjorden kommune, fordelt etter følgjande hovudpostar;

Kjerneboring

2 270 383

Plan og konsulentar

1 532 057

og i tillegg kjem kostnader med KS2 rapport, inntil kr. 700.000, og vidare kostnader knytt til planarbeidet siste kvartal 2017 og evt. andre uføresette postar som vi kan bli påført.

Under følgjer vedtak gjort av Hordaland fylkesutval den 21.09.2017

PS 225/17      Ferjeavløysingsordninga - status og framdrift for      2014/23741  
ferjeavløysingsprosjekt

#### **Vedtak**

1. Med grunnlag i oppdatert anslag på ferjeavløysingsmidlar, kommunalt tilskott og bompengefinansiering vil fylkestinget i desember 2017 ta stilling til om det er aktuelt å søka om ferjeavløysingsmidlar til Masfjordbrua innanfor dagens ordning. Fylkesutvalet føreset at prosjektet vert kvalitetssikra, søknadskrava er tilfredsstillt og medfører låg økonomisk risiko for fylkeskommunen.
2. Fylkesutvalet føreset at Masfjorden kommune finansierer KS2 for prosjektet Masfjordsambandet.
3. Fylkesutvalet viser til pågåande planarbeid for Fjelbergsambandet som ferjeavløysingsprosjekt. Fylkestinget i desember 2017 vil ta stilling til om det er aktuelt å søka om ferjeavløysingsmidlar til dette prosjektet innanfor dagens ordning. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen om å gå i dialog med Vindafjord kommune og Rogaland fylkeskommune om eventuell nedlegging av ferjesambandet til Utbjoa.
4. Fylkesutvalet konstaterer, med grunnlag i planstatus og søknadskrav i brev frå Kommunaldepartementet frå 13.06.2017 «Søknadsprosess og krav til søknad om ferjeavløysingsmidlar», at det er uaktuelt i 2017 å søka om ferjeavløysingsmidlar til fastsambanda Huglo - Tysnes og Lerøy - Bjelkarøy - Ytrebygda.

#### **Protokollmerknad frå MDG**

MDG meiner at denne strekka er godt eigna som forsøksstrekke for elektrifisering. Dette er alt vedtatt og ein bør prioritere dette framom bru.

Under følgjer utdrag av møteprotokoll etter kommunestyremøte den 21.09.2017

#### **058/2017: Kommunal finansiering av Masfjordbrua**

Under kommunestyremøte den 21.09.2017 vart ordførar oppringt (kl 14.50) av eit fylkesutvalsmedlem kring fylkesutvalssak PS 225/2017 **Ferjeavløysingsordninga - status og framdrift for ferjeavløysingsprosjekt** med spørsmål om Masfjorden kommune kunne ta på seg finansiering av KS2 jf elles saka som fylkesutvalet (jf vedlegg) hadde oppe til handsaming. Eit samla kommunestyre slutta seg til dette.

#### **KS - 058/2017 VEDTAK:**

**Masfjorden kommune løyver kr 700 000 til å finansiere ekstern kvalitetssikring (KS2) av prosjekt Masfjordbrua.**

#### **Anslag Masfjordsambandet og styringsdokument for KS2**

Statens vegvesen orienterte i eit arbeidsmøte 13.09.2017 om at det er gjort anslag for Masfjordbrua. Kostnaden er 1067 mill. kr. ved P50 og 1174 mill.kr. ved P85. Statens vegvesen held no på med å utarbeida styringsdokumenta som skal nyttast i KS2 handsaminga.

Brufondet til Masfjorden kommune utgjorde pr. 31.12.2016 litt over 6 mill.kr.



## Vurdering

Det er ikkje budsjettert med kostnader Masfjordsambandet i 2017 budsjettet til Masfjorden kommune. Det er løpande orientert om at framdrift av Masfjordsambandet er avhengig av at Masfjorden kommune tek ein del kostnader og arbeid for å drive fram prosjektet før forventa prinsippvedtak i Hordaland fylkesting i desember 2017, og at fylkeskommunen eller andre ikkje tek kostnader før endeleg vedtak føreligg. Dei postane som er ført i driftsrekneskapen hittil er forhold som er nødvendige for i det heile å komme i posisjon til å få realisert prosjektet (reguleringsplan for bru, kjerneboring, kartlegging vindforhold etc), og ein god del av denne kostnaden er forhold som vi legg til grunn inngår som post(ar) i sum anslag som statens vegvesen har for Masfjordbrua, og at desse postane vil bli dekkja inn att av totalprosjektet. Saka her legg opp til å få på plass ei formell budsjettløyving på dei kostnader som er påløpt, samt forhold som ein veit og forventar vil komme for resten av 2017, og ein legg til grunn ein bruttosum 2017 på 6 mill.kr., og at denne kostnaden vert dekkja med 1,2 mill.kr. i mva. kompensasjon og 4,8 mill.kr. av brufondet.

## Konklusjon

Det vert føreteke følgjande budsjettendringar i kommunen sitt 2017 driftsbudsjett med bakgrunn i påløpte og forventa kostnader siste kvartal for Masfjordsambandet i 2017;

1xxxx	28501	utgiftspostar	4 800 000	
14290	28501	Mva.komp	1 200 000	6 000 000
			4 800 000	
17290	28501	Mva.komp	-1 200 000	
194xx	28501	bruk av fond	-4 800 000	-6 000 000

Som vil ha den konsekvens at både budsjettert og rekneskapsmessige netto driftsresultat i 2017 vil verte vesentleg svekka, og mest sannsynleg vil komme ut med eit negativt resultat.

## Formannskapet - 095/2017

### FS - behandling:

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

### FS - vedtak:

**Driftsbudsjettet for 2017 vert justert med ein brutto kostnad knytt til Masfjordsambandet i 2017 med 6 mill.kr., og denne posten vert finansiert med 1,2 mill.kr. i mva.kompensasjon og restsum vert dekkja av fondsmidlar, 4,8 mill.kr. av tidlegare års avsette midlar til «brufondet».**

## Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Anne Kristin Rafoss		17/1045

Saknr	Utval	Type	Dato
066/2017	Kommunestyret	PS	30.10.2017

### Referatsak

#### 32T

1. Skatt t.o.m. august
2. Skatt t.o.m. september
3. Skjønnskudd 2018
4. Brev statsbudsjett - 2018
5. Kontrollutvalet - møteutskrift
6. Til kommunestyret
7. Ny operasjonssentral i Vest politidistrikt

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering

#### Saksopplysningar:



Kommunane i Hordaland

## Skatt på formue og inntekt per 31.august 2017

Vedlagt følgjer eit oversyn over skatt på formue og inntekt for kommunane i Hordaland per 31.august d.å.

Skatteinngangen syner ein auke på 1,7 prosent dei første åtte månadene i år samanlikna med same periode i fjor for kommunane i fylket samla utanom Bergen. For Bergen kommune var skatteauken i den same perioden 0,7 prosent.

Innbetalt skatt per 31.august d.å. i prosent av budsjett 2017 var 62,8 prosent for kommunane samla utanom Bergen og 61,2 prosent for Bergen kommune.

Inntektsutjamninga blir rekna i høve til landsgjennomsnittet for ordinær skatt medrekna naturressursskatt. Skatteutviklinga samla for kommunane i landet har stor innverknad på kvar kommune si inntektsutjamning.

I denne perioden har det vore ein skatteauke på 3,9 prosent for kommunane samla i landet.

Den høge skatteveksten for Sveio kommune er ekstraordinær og skuldast at ein skatteytar har seld sin del av ei verksemd.

Mange av kommunane i Hordaland har i år ein svakare skattevekst enn landsgjennomsnittet. For mange av kommunane i fylket er den prosentvise skatteveksten lågare enn veksten for landsgjennomsnittet på 3,9 prosent. Det er viktig at kommunane vurderer om skatteinntektene og dei frie inntektene i årets budsjett er realistiske og om nødvendig gjennomfører budsjettrevisjon.

Vi ber om tilbakemelding dersom det er feil i oversynet.

Med helsing

Rune Fjeld  
assisterande fylkesmann

Håvard Rød  
seniorrådgivar

Vedlegg

## SKATT PÅ EIGE OG INNTEKT FOR KOMMUNANE I HORDALAND

Totalbeløp i kr. 1.000,- .

KOMMUNE	INNGANG	INNGANG	AUKE	INNGANG	BUDSJETT	AUKE I %	INN BET. PR.
	31.aug 2016	31.aug 2017	I %	31.aug PR. INNB.	2017	BUDSJETT 2017 REKNESKAP 2016	31.aug I % AV BUDSJETT 2017
Bergen	5 334 800	5 370 400	0,7%	19279	8781800	0,9	61,2
Etne	64 400	64 800	0,6%	15671	98020	-2,5	66,1
Sveio	81 400	107 700	32,3%	19042	139150	6,3	77,4
Bømlo	211 200	194 300	-8,0%	16458	321970	-5,4	60,3
Stord	310 000	311 500	0,5%	16551	507700	3,9	61,4
Fitjar	52 600	52 700	0,2%	16526	88935	5,4	59,3
Tysnes	46 100	50 600	9,8%	17773	77940	2,1	64,9
Kvinnherad	220 300	218 800	-0,7%	16524	346507	3,3	63,1
Jondal	17 100	18 300	7,0%	16516	29500	15,7	62,0
Odda	172 100	142 900	-17,0%	20342	205520	-1,7	69,5
Ullensvang	52 200	52 000	-0,4%	15398	81000	-0,2	64,2
Eidfjord	40 100	38 700	-3,5%	42020	51600	-2,3	75,0
Ulvik	24 300	25 500	4,9%	22546	35300	3,2	72,2
Granvin	13 000	13 700	5,4%	14684	21300	1,4	64,3
Voss	228 400	237 900	4,2%	16391	379600	4,5	62,7
Kvam	133 300	132 000	-1,0%	15671	212778	0,0	62,0
Fusa	65 000	69 100	6,3%	17741	105248	2,5	65,7
Samnanger	42 200	42 800	1,4%	17203	62751	-4,2	68,2
Os	318 600	335 200	5,2%	16634	558940	6,7	60,0
Austevoll	119 800	138 300	15,4%	26823	204086	1,8	67,8
Sund	104 600	105 500	0,9%	14948	178400	6,1	59,1
Fjell	426 600	431 000	1,0%	17100	705738	3,2	61,1
Askøy	430 000	444 900	3,5%	15437	735900	7,5	60,5
Vaksdal	68 600	69 800	1,7%	16929	100000	-0,8	69,8
Modalen	21 700	21 000	-3,2%	54830	23700	-4,4	88,6
Osterøy	112 300	119 200	6,1%	14852	183669	2,6	64,9
Meland	116 600	118 800	1,9%	14811	199066	7,3	59,7
Øygarden	73 800	73 700	-0,1%	15001	127642	9,2	57,7
Radøy	71 600	74 000	3,4%	14431	115272	-0,5	64,2
Lindås	250 400	251 900	0,6%	16013	400967	1,1	62,8
Austrheim	53 500	54 300	1,5%	18828	90100	1,7	60,3
Fedje	8 400	8 200	-2,4%	13969	15900	16,1	51,6
Masfjorden	36 800	37 000	0,5%	21637	51563	-4,7	71,8
<b>SUM:</b>	<b>9321800</b>	<b>9426500</b>	<b>1,1%</b>	<b>18129</b>	<b>15 237 562</b>	<b>1,8</b>	<b>61,9</b>
<b>SUM UTANOM</b>							
<b>BERGEN</b>	<b>3987000</b>	<b>4056100</b>	<b>1,7%</b>	<b>16802</b>	<b>6 455 762</b>	<b>3,1</b>	<b>62,8</b>

## Kontroll skatt

Bergen	8 707 700
Etne	100 500
Sveio	130 900
Bømlo	340 200
Stord	488 700
Fitjar	84 400
Tysnes	76 300
Kvinnherad	335 516
Jondal	25 500
Odda	209 100
Ullensvang	81 200
Eidfjord	52 800
Ulvik	34 200
Granvin	21 000
Voss	363 100
Kvam	212 700
Fusa	102 700
Samnanger	65 500
Os	523 900
Austevoll	200 500
Sund	168 100
Fjell	684 000
Askøy	684 400
Vaksdal	100 800
Modalen	24 800
Osterøy	179 000
Meland	185 600
Øygarden	116 900
Radøy	115 900
Lindås	396 800
Austrheim	88 600
Fedje	13 700
Masfjorden	54 100
<b>SUM:</b>	<b>14 969 116</b>
<b>SUM UTANOM</b>	
<b>BERGEN</b>	<b>6 261 416</b>



Kommunane i Hordaland

## Skatt på formue og inntekt per 30.september 2017

Vedlagt følgjer eit oversyn over skatt på formue og inntekt for kommunane i Hordaland per 30.september d.å.

Skatteinngangen syner ein auke på 2,0 prosent dei første ni månadene i år samanlikna med same periode i fjor for kommunane i fylket samla utanom Bergen. For Bergen kommune var skatteauken i den same perioden 1,5 prosent.

Innbetalt skatt per 30.september d.å. i prosent av budsjett 2017 var 79,7 prosent for kommunane samla utanom Bergen og 78,8 prosent for Bergen kommune.

Inntektsutjamninga blir rekna i høve til landsgjennomsnittet for ordinær skatt medrekna naturressursskatt. Skatteutviklinga samla for kommunane i landet har stor innverknad på kvar kommune si inntektsutjamning.

I denne perioden har det vore ein skatteauke på 3,9 prosent for kommunane samla i landet. Det er no ein pårekna skatteauke for heile året for kommunane samla i landet på 3,3 prosent.

Den høge skatteveksten for Sveio kommune er ekstraordinær og skuldast at ein skatteytar har seld sin del av ei verksemd.

Vi ber om tilbakemelding dersom det er feil i oversynet.

Med helsing

Rune Fjeld  
assisterande fylkesmann

Håvard Rød  
seniorrådgivar

Vedlegg

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## SKATT PÅ EIGE OG INNTEKT FOR KOMMUNANE I HORDALAND

Totalbeløp i kr. 1.000,- .

KOMMUNE	INNGANG	INNGANG	AUKE	INNGANG	BUDSJETT	AUKE I %	INN BET. PR.
	30.sep 2016	30.sep 2017	I %	30.sep PR. INNB.	2017	BUDSJETT 2017 REKNESKAP 2016	30.sep I % AV BUDSJETT 2017
Bergen	6 817 200	6 920 600	1,5%	24845	8781800	0,9	78,8
Etne	81 900	82 000	0,1%	19831	98020	-2,5	83,7
Sveio	104 700	131 200	25,3%	23197	139150	6,3	94,3
Bømlo	264 000	249 700	-5,4%	21150	321970	-5,4	77,6
Stord	395 800	403 400	1,9%	21434	507700	3,9	79,5
Fitjar	68 800	67 500	-1,9%	21167	88935	5,4	75,9
Tysnes	59 300	65 200	9,9%	22901	77940	2,1	83,7
Kvinnherad	276 000	277 300	0,5%	20943	346507	3,3	80,0
Jondal	21 100	22 500	6,6%	20307	29500	15,7	76,3
Odda	202 500	174 600	-13,8%	24854	205520	-1,7	85,0
Ullensvang	66 500	65 900	-0,9%	19514	81000	-0,2	81,4
Eidfjord	45 000	43 900	-2,4%	47666	51600	-2,3	85,1
Ulvik	28 700	29 800	3,8%	26348	35300	3,2	84,4
Granvin	16 700	17 700	6,0%	18971	21300	1,4	83,1
Voss	291 300	302 300	3,8%	20828	379600	4,5	79,6
Kvam	169 500	168 600	-0,5%	20017	212778	0,0	79,2
Fusa	81 600	87 700	7,5%	22516	105248	2,5	83,3
Samnanger	52 100	53 100	1,9%	21342	62751	-4,2	84,6
Os	408 200	428 500	5,0%	21263	558940	6,7	76,7
Austevoll	153 100	174 300	13,8%	33805	204086	1,8	85,4
Sund	133 100	134 600	1,1%	19071	178400	6,1	75,4
Fjell	545 500	551 800	1,2%	21893	705738	3,2	78,2
Askøy	547 500	567 200	3,6%	19680	735900	7,5	77,1
Vaksdal	84 100	85 100	1,2%	20640	100000	-0,8	85,1
Modalen	23 300	22 600	-3,0%	59008	23700	-4,4	95,4
Osterøy	142 000	150 400	5,9%	18739	183669	2,6	81,9
Meland	147 800	151 800	2,7%	18925	199066	7,3	76,3
Øygarden	93 500	93 600	0,1%	19051	127642	9,2	73,3
Radøy	92 400	95 000	2,8%	18526	115272	-0,5	82,4
Lindås	320 800	321 600	0,2%	20444	400967	1,1	80,2
Austrheim	69 000	69 300	0,4%	24029	90100	1,7	76,9
Fedje	10 900	10 600	-2,8%	18058	15900	16,1	66,7
Masfjorden	44 400	44 600	0,5%	26082	51563	-4,7	86,5
<b>SUM:</b>	<b>11858300</b>	<b>12064000</b>	<b>1,7%</b>	<b>23202</b>	<b>15 237 562</b>	<b>1,8</b>	<b>79,2</b>
<b>SUM UTANOM</b>							
<b>BERGEN</b>	<b>5041100</b>	<b>5143400</b>	<b>2,0%</b>	<b>21306</b>	<b>6 455 762</b>	<b>3,1</b>	<b>79,7</b>

## Kontroll skatt

Bergen	8 707 700
Etne	100 500
Sveio	130 900
Bømlo	340 200
Stord	488 700
Fitjar	84 400
Tysnes	76 300
Kvinnherad	335 516
Jondal	25 500
Odda	209 100
Ullensvang	81 200
Eidfjord	52 800
Ulvik	34 200
Granvin	21 000
Voss	363 100
Kvam	212 700
Fusa	102 700
Samnanger	65 500
Os	523 900
Austevoll	200 500
Sund	168 100
Fjell	684 000
Askøy	684 400
Vaksdal	100 800
Modalen	24 800
Osterøy	179 000
Meland	185 600
Øygarden	116 900
Radøy	115 900
Lindås	396 800
Austrheim	88 600
Fedje	13 700
Masfjorden	54 100
<b>SUM:</b>	<b>14 969 116</b>
<b>SUM UTANOM</b>	
<b>BERGEN</b>	<b>6 261 416</b>





Kommunal- og moderniseringsdepartementet,  
Postboks 8112 Dep.,  
0032 Oslo

## Ordinært skjønstilskot for 2018

Fylkesmannen har motteke brev av 15. juni d.å. frå departementet om ordinært skjønstilskot for 2018. Fylkesmannen har fordelt kr. 91,5 mill. av ei ramme på kr. 122,5 mill. Det vil seie at det er ei attståande ramme med kr. 31,0 mill.

Ramma for fylket er redusert med kr. 5,2 mill. frå 2017 til 2018.

Departementet ynskjer å framheve at føremålet med skjønsmidlane er å fanga opp lokale tilhøve som ikkje blir ivaretekne godt nok i inntektssystemet eller gjennom andre tilskotsordningar. Skjønnsramma skal også ivareta behov som kan oppstå i løpet av året.

Det er presisert i brevet og retningslinene for skjønsmidlane for 2018 at fylkesmannen skal gjere ei heilskapleg vurdering av kommunen sin økonomi. Det er vist til at skjønsmidlar bør bli gitt på grunnlag av kommunen sin overordna økonomiske situasjon, og ikkje på grunnlag av einskildstående sektorar.

### Arbeidsgivaravgift (DAA)

Departementet viser i brevet sitt til at nokre kommunar framleis mottek den tidlegare kompensasjonen for endringar i differensiert arbeidsgivaravgift, som blei lagt inn i basisramma i 2015. Departementet presiserer at attståande kompensasjon framleis bør bli gradvis trappa ned, men at fylkesmannen kvart år må gjere ei ny vurdering av behovet for skjønsmidlar.

I 2014, før nedtrappinga byrja, vart det gitt følgjande kompensasjon, i mill. kr.:

Etne	3,6
Bømlo	9,5
Tysnes	3,6
Kvinnherad	14,3
Jondal	1,6
Kvam	9,4
Sum	42,0

Vi har følgjande merknader for kvar kommune:

### Bergen

tilskot 2017,           kr. 16,7 mill.

Kommunen arbeider med å betre oppvekstvilkåra for barn og unge, styrke det kulturelle og sosiale miljøet i område av byen som har opphoping av levekårsproblem.

Etablering av nye mottaks- og oppfølgingsentre (MO - sentre) har medført auka behov for kommunale tenester, blant anna knytt til det bustadsosiale området.

Kommunen viser til at kostnadsutviklinga innanfor barneverntenesta, psykiatri og ressurskrevjande omsorgstilbod er større enn det som kan knytast til den demografiske utviklinga.

Som regionsenter gir kommunen tilbod også til innbyggjarar utanfor kommunegrensa, til dømes innanfor brannberedskap og kultur. Kommunen har dessutan nasjonale oppgåver som sikring av kulturminne.

Dei store byane har opphoping av levekårsutfordringar, blant anna knytt til rus og psykiatri, og utgiftene til sosialhjelp er høge. Kommunen viser til at inntektssystemet ikkje i tilstrekkelig grad fangar opp at desse utgiftene er høgare for ein storby som Bergen enn for gjennomsnittet av kommunane.

tilskot 2018,           kr. 16,2 mill.

### Etne

tilskot 2017,           kr. 3,6 mill.

Kommunen har frå og med 2004 vore plassert i sone for høgaste arbeidsgivaravgift. Kompensasjon for høgare avgift er blitt trappa ned i perioden 2015 - 2017. Kompensasjon for høgare avgift blir også trappa noko ned for 2018.

Kommunen viser til utfordringar med fleire framandspråklege barn i skular og barnehagar. Ein strammare arbeidsmarknad gjer det meir krevjande å få flyktingane ut i arbeid.

Kommunen fekk ein betydeleg reduksjon i distriktstilskotet frå 2014 til 2015. Det attståande distriktstilskotet kjem til å falle heilt bort i 2018 som følgje av at distriktsindeksen er blitt for høg til at det kan bli gitt tilskot.

Kommunen har utvida eigedomsskatten frå verk og bruk til faste eigedomar i heile kommunen frå og med 2015.

Kommunen har starta gjennomføring av eit stort investeringsprogram med nytt omsorgssenter og ombygging av eksisterande omsorgssenter som dei største investeringane. Trafikksikring er krevjande i kommunen og det er viktig å ha brannberedskap til tunnelane på E134 langs Åkrafjorden.

tilskot 2018,           kr. 3,5 mill.

### Sveio

tilskot 2017,           kr. 3,8 mill.

Kommunen har hatt høg folkevekst og stor vekst i talet på barn i skulepliktig alder. Det er vedteke å bygga ut og rehabilitera Sveio skule for til saman kr. 100 mill. i perioden 2017 og 2018.

Kommunen innførte eigedomsskatt på faste eigedomar frå og med 2011.

Det er om lag 2000 hytter i kommunen. Det aukar behovet for ulike kommunale tenester, blant anna heimetenester til hyttebrukarar som har behov for det.

Kommunen har stor gjennomgangstrafikk både på veg og på sjø. Alvorlege ulykker og tidlegare brannar i kommunen gjer det nødvendig med høg beredskap.

Som følge av ekstraordinære tilhøve hos ein skatteytar, får kommunen svært høg skattevekst i år. Denne skatteveksten er ekstraordinær og mellombels berre for i år.

tilskot 2018,           kr. 3,6 mill.

### Bømlo

tilskot 2017,           kr. 9,7 mill.

Kommunen har hatt ei svak inntektsutvikling. Det har samanheng med både bortfall av ekstraordinært skjønstilskot (gitt i perioden 2011 til 2016), omlegginga av inntektssystemet i 2017 og svak skatteutvikling. Overgangsordninga INGAR gir kompensasjon i år som vil bli trappa ned i dei neste åra.

Kommunen har drifta eit bufellesskap for einslege mindreårige flyktningar sidan 2009 med plass til sju - åtte flyktningar. Kommunen har no hatt eit økonomisk tap av å oppretta eit nytt bufellesskap, for å kunne ta imot fleire mindreårige flyktningar i 2016/2017, grunna manglande busetting.

Kommunen er ein tidlegare vertskommune for HVPU - reforma og har mange ressurskrevjande brukarar. Kommunen viser til relativt store kostnader til ressurskrevjande brukarar, også etter at det er gitt kompensasjon gjennom tilskotsordninga. Kommunen får no ein ekstra ressurskrevjande brukar med svært høge netto kostnader.

Kommunen har frå og med 2004 vore plassert i sone for høgaste arbeidsgivaravgift. Kommunen har fått ein årleg kompensasjon, som del av skjønstilskotet, knytt til arbeidsgivaravgifta. Kompensasjon er trappa delvis ned i perioden 2015 - 2017. Fylkesmannen finn det riktig å trappa denne kompensasjonen ytterlegare ned i 2018, jf. departementet sitt brev. Vi legg opp til ei nedtrapping med kr. 0,9 mill. Som følge av dei økonomiske utfordringane kommunen har, ynskjer vi ikkje å redusera det samla skjønstilskotet ut over dette for 2018.

tilskot 2018,           kr. 8,8 mill.

### Stord

tilskot 2017,           kr. 2,3 mill.

Kommunen er eit regionsenter og blir nytta av innbyggjarar frå nabokommunane, m.a. i samband med ulike fritidstilbod for funksjonshemma. Kommunen har stor innpendling av studentar og arbeidstakarar. Kommunen har høge utgifter til rusomsorg for personar med rusproblem.

Kommunen har høg grad av sysselsetjing innanfor leverandørindustrien til oljeverksemda. Kommunen har difor hatt store variasjonar i skatteinntektene og det har vore ei svak skatteutvikling i år.

Kommunen står føre store investeringar i dei komande åra, både i skulesektoren, nye sjukeheimplassar og gravplass.

Kommunen har i år fått eigen kompensasjon (kr. 2,6 mill.) for å ha blitt ufrivillig åleine etter kommunereforma.

tilskot 2018,           kr. 2,2 mill.

### Fitjar

tilskot 2017,           kr. 3,1 mill.

Kommunen har mange ressurskrevjande brukarar samanlikna med landsgjennomsnittet. Kommunen viser til at brukarane i kommunen også har høgare kostnader enn gjennomsnittet for ressurskrevjande brukarar.

Kommunen har fleire rusavhengige i LAR enn andre samanliknbare kommunar. Det er utfordrande for kommunen, både fagleg og økonomisk.

Den mangeårige fastlegen i kommunen slutta i 2016. Kommunen har investert i felles legesenter og vil få auka kostnader til drifta av det nye senteret.

Kommunen tapte på omlegginga av inntektssystemet i 2017 gjennom graderinga av basis-tilskotet og halveringa av småkommunetilskotet. Kompensasjon gjennom overgangsordninga INGAR i 2017 blir trappa ned i dei neste åra.

Kommunen har tidlegare utvida eigedomsskatten frå verk og bruk til faste eigedomar i heile kommunen. Kommunen har i dei siste åra fått auka eigedomsskatt som følgje av utbygging med vindmøller. Eigedomsskatt i 2016 var om lag kr. 14,6 mill.

tilskot 2018,           kr. 3,0 mill.

### Tysnes

tilskot 2017,           kr. 4,0 mill.

Kommunen vart frå 2004 plassert i sone for høgaste arbeidsgivaravgift og har fått kompensasjon gjennom skjønsmidlane for høgare avgift. Kommunen vart ført tilbake til sone 2 for avgift frå 01.juli 2014. Det er difor gjort trekk i rammetilskotet (særskilt fordeling) frå og med

2015. Det er lagt opp til at dette trekket blir trappa ned over fem år, det vil seie med 1/5 årleg. Trekket blir redusert med om lag kr. 1,0 mill. årleg.

På denne bakgrunn vil vi redusera den kompensasjonen som er gitt knytt til arbeidsgivaravgift.

Kommunen får småkommunetilskot. Det vart redusert med ti prosent frå 2016 til 2017 som følge av den nye differensieringa knytt til distriktsindeks. Førrelse tal tyder på at småkommunetilskotet vil bli ytterlegare redusert frå 2017 til 2018 som følge av høgare distriktsindeks.

Det er mange fritidsbustader i kommunen. Det fører til auka behov for helsetenester, brannberedskap og utbygging av infrastruktur.

tilskot 2018,           kr. 3,7 mill.

#### Kvinnherad

Kommunen har høg eigedomsskatt frå vasskraftanlegg. Kommunen har no også eigedomsskatt for bustader og hytter. Samla eigedomsskatt i 2016 var kr. 80 mill.

Kommunen vart frå 2004 plassert i sone for høgaste arbeidsgivaravgift. Kommunen vart tilbakeført til sone 2 for avgift frå 01.juli 2014. Det er difor gjort eit trekk på rammetilskotet (særskilt fordeling) frå og med 2015. Trekket blir redusert med 1/5 - del årleg.

På bakgrunn av den høge årlege eigedomsskatten frå kraftanlegg, finn vi ikkje å kunne gi skjønstilskot til kommunen.

#### Jondal

tilskot 2017,           kr. 1,7 mill.

Følgefonna er eit populært reisemål. Kommunen har hatt høge vedlikehalds- og investeringsutgifter på vegen.

Kommunen vart frå 2004 plassert i sone for høgaste arbeidsgivaravgift og har fått kompensasjon gjennom skjønsmidlane for høgare avgift. Kommunen vart ført tilbake til sone 2 for avgift frå 01.juli 2014. Det er difor gjort trekk i rammetilskotet (særskilt fordeling) frå og med 2015. Det er lagt opp til at dette trekket blir trappa ned over fem år, det vil seie med 1/5 årleg.

Kommunen vil få fullt småkommunetilskot også i 2018.

tilskot 2018,           kr. 1,5 mill.

#### Odda

Kommunen har høg eigedomsskatt frå vasskraftanlegg. Kommunen har ikkje eigedomsskatt på bustader og fritidseigedomar. Eigedomsskatt i 2016 var kr. 80,0 mill. Det ordinære skatteinivået er også høgt, som følge av naturressursskatt.

Vi finn ikkje å kunne gi ordinært skjønstilskot for 2018.

### Ullensvang

tilskot 2017,           kr. 2,6 mill.

Kommunen har hatt ei svak inntektsutvikling blant anna som følgje av lågare kraftprisar. Kommunen har gjennomført fleire tiltak med sikte på å styrka økonomien, både innsparing i skulestrukturen og gjennom utviding av eigedomsskatt frå verk og bruk til faste eigedomar i heile kommunen.

Kommunen har ei spesiell utfordring med radon. Det har vore gjennomført eit prosjekt for å redusera denne helserisikoen. Prosjektet vart finansiert av prosjektskjønn frå Fylkesmannen og av Statens strålevern. Kommunen har framleis ei utfordring med radon.

Kommunen bygde på 1980 - talet to sjukeheimar. Desse sjukeheimane har behov for ombygging og opprusting. Den kommunale heimhjelpa og legetenesta er krevjande som følgje av dei geografiske tilhøva.

Kommunen har fått melding om at det kommunale asylmottaket blir lagt ned frå 01.november 2017. Asylmottaket har vore drifta i 28 år. Det er om lag 80 personar som bur på mottaket og det er tilsett 4 ½ årsverk. Dei tilsette må få anna arbeid i kommunen. Kommunen vil mista årleg vertskommunetilskot på i underkant av kr. 1,6 mill.

tilskot 2018,           kr. 2,9 mill.

### Eidfjord

Kommunen har høg eigedomsskatt frå vasskraftanlegg og høg naturressursskatt. Fylkesmannen finn ikkje å kunne gi skjønstilskot for 2018.

### Ulvik

Kommunen har eit relativt godt inntektsgrunnlag med eigedomsskatt frå vasskraftanlegg. Ordinært skattenivå er relativt høgt som følgje av naturressursskatt.

Kommunen vil få fullt småkommunetilskot også i 2018.

Fylkesmannen finn ikkje å kunne gi skjønstilskot for 2018.

### Granvin

tilskot 2017,           kr. 1,7 mill.

Kommunen viser til at det er vanskeleg å få nok kapasitet til det førebyggjande helsearbeidet i ein liten kommune. I dei siste åra har det vore eit aukande behov knytt til rus- og psykiatri, særleg blant dei unge.

Det er eit stort etterslep på vedlikehald av dei kommunale vegane. Kommunen har mykje kommunal veg per innbyggjar. Dei kommunale vegane er viktige for å oppretthalde busetjinga i grendene og gardane i kommunen.

Kommunen er utsett for skred og flaum. Under flaumen i desember 2015 vart fleire av dei kommunale vegane skadde.

tilskot 2018,           kr. 1,7 mill.

#### Voss

tilskot 2017,           kr. 5,5 mill.

Det er eigedomsskatt for faste eigedomar i heile kommunen. For bustader og fritids-eigedomar er skattesatsen no 3,0 promille, for verk og bruk 7,0 promille.

Kommunen har ein høg prosentdel med eldre innbyggjarar. Det er eit aukande tenestebehov knytt til at kommunen har mange eldre. Det er også mange ressurskrevjande brukarar over aldersgrensa for at kommunen kan få tilskot gjennom den særskilte tilskotsordninga.

Kommunen har mange fritidsbustader, noko som blant anna fører til auka etterspurnad etter kommunale helse og omsorgstenester i delar av året.

Kommunen er regionsenter med fleire vidaregåande skular. Ein del av elevane kjem frå andre kommunar og har også krav på kommunale tenester.

tilskot 2018,           kr. 5,3 mill.

#### Kvam

tilskot 2017,           kr. 8,8 mill.

Kommunen har eigedomsskatt for faste eigedomar i heile kommunen. For bustader og fritids-eigedomar er skattesatsen 4,0 promille, for verk og bruk 7,0 promille.

Kommunen har gjennomført store investeringar og har eit høgt gjeldsnivå. Det er frå 2015 sett i gang mange innsparingstiltak for å betre driftsresultatet og opparbeide større disposisjonsfond. Våren 2017 er det blant anna gjennomført prosess for å redusera bemanninga i delar av organisasjonen.

Kommunen er blitt ufrivillig åleine etter kommunereforma og får redusert basistilskot frå 2016 til 2017. Netto tapet, etter at det blir gitt kompensasjon gjennom overgangsordninga INGAR, er for lågt til at kommunen får kompensert tap i 2017 gjennom det særskilte tilskotet til kommunar som er blitt ufrivillig åleine etter reforma.

Kommunen har utfordringar som hyttekommune, regionsenter med vidaregåande skular, tidlegare vertskommune med fleire ressurskrevjande brukarar og mange eldre.

Kommunen har frå og med 2004 vore plassert i sone for høgaste arbeidsgivaravgift. Kommunen har fått ein årleg kompensasjon, som del av skjønstilskotet, knytt til arbeidsgivaravgifta. Kompensasjon er trappa delvis ned i perioden 2015 - 2017. Fylkesmannen finn det riktig å trappa denne kompensasjonen ytterlegare ned i 2018, jf. departementet sitt brev. Vi legg opp til ei nedtrapping med kr. 0,9 mill. Som følge av dei økonomiske utfordringane kommunen har, ynskjer vi ikkje å redusera det samla skjønstilskotet ut over dette for 2018.

tilskot 2018,           kr. 7,9 mill.

### Fusa

tilskot 2017,           kr. 5,1 mill.

Eigedomsskatt for 2017 er vedteke med sju promille på verk og bruk. For bustader og fritids-eigedomar er skattesatsen vedteke til to promille.

Kommunen er desentralisert med stor grad av spreidd busetnad. Kommunen har mykje kommunal veg. Standarden på dei kommunale vegane er dårleg og det er behov for opprusting. Det er også eit stort behov for vedlikehald og oppgradering av den kommunale bygningsmassen.

Kommunestyret vedtok i desember 2015 å redusera talet på kommunale barneskular frå seks til fire frå hausten 2016. Det var ein privatskule frå tidlegare. Hausten 2016 vart det starta opp to nye privatskular i dei bygdene der det ikkje lenger er kommunal skule. Kommunen vil få inntektstap som følgje av at fleire skuleelevar no går i privatskule i staden for i kommunal skule.

tilskot 2018,           kr. 4,9 mill.

### Samnanger

tilskot 2017,           kr. 2,4 mill.

Kommunen taper på omlegginga til nytt inntektssystem i 2017 både gjennom redusert basis-tilskot og halvert småkommunetilskot. Overgangsordninga INGAR gir kompensasjon i 2017, men denne kompensasjonen vil bli trappa ned i dei neste åra.

Kommunen utvida eigedomsskatten i 2015 frå verk og bruk til også hus og fritidsbustader.

Kommunen har i 2016 fått dekt inn tidlegare meirforbruk, det vil seie for åra 2014 og 2015. Det er gjennomført fleire investeringar i dei siste åra og kommunen har no fått ei høg lånegjeld. Ein stor del av gjeldsauken er til finansieringa av ny sjukeheim. Den auka gjelda vil bli ei stor økonomisk belastning for kommunen i åra framover.

tilskot 2018,           kr. 2,4 mill.

### Os

tilskot 2017,           kr. 1,1 mill.

Kommunen har i mange år hatt høg folkevekst. Det har ført til eit stort investeringsbehov i infrastruktur m.m. Kommunen har blant anna arbeidd med sikte på å rusta opp kommunesenteret.

Stor tilflytting har også ført til at kommunen har høge kostnader til språkdeling i skulen. Frå det nye skuleåret tek ein skule i kommunen i mot elevar som tidlegare har gått på skule i Bergen kommune. Det fører til at endå fleire elevar ynskjer bokmål. I tillegg har kommunen investert i skulen for å ha plass til dei nye elevane.

Kommunen er med i prosjektet statleg finansiering av omsorgstenestene.



Kommunen har ikkje innført noko eigedomsskatt, korkje på verk og bruk eller på bustader og fritidseigedomar.

tilskot 2018,           kr. 1,1 mill.

#### Austevoll

tilskot 2017,           kr. 1,7 mill.

Kommunen har eit høgt ordinært skattenivå knytt til inntekt og formue. Kommunen har høg skattevekst i år.

Kommunen får veksttilskot i 2017 med kr. 1,4 mill. I førebels utrekning av veksttilskotet for 2018 blir dette redusert med om lag kr. 1,0 mill.

Kommunen har mange fritidsbustader. Det fører til ekstra behov for kommunale tenester, til dømes innan heimesjukepleie og brannberedskap. Det er fritidsbustader på mange av dei veglause øyane. Kommunen må ha eigen båt for skyss av helsepersonell og pasientar, i samarbeid med Helse Bergen.

Frå og med 2013 er eigedomsskatt på bustader, fritidseigedomar og næringsseigedom teken bort. Eigedomsskatt er berre vidareført for verk og bruk.

tilskot 2018,           kr. 1,6 mill.

#### Sund

tilskot 2017,           kr. 1,2 mill.

Kommunen innførte eigedomsskatt på faste eigedomar i heile kommunen frå og med 2008.

Kommunen får veksttilskot i 2017 med kr. 3,6 mill. I førebels utrekning av veksttilskotet for 2018 blir dette redusert med om lag kr. 0,9 mill.

Asylmottaket i kommunen er lagt ned med verknad frå 31.juli 2017. Kommunen mistar difor 5/12 - delar av vertskommunetilskotet som er budsjettert i år. Inntektstapet utgjer kr. 0,83 mill. i 2017 og om lag kr. 2,0 mill. (heilårsverknad) i 2018. I tillegg reknar kommunen med å få netto inntektstap knytt til vaksenopplæring som følgje av nedlegginga av asylmottaket.

Kommunen har arbeidd for å finna løysingar både for dei tilsette ved mottaket og med omsyn til tenestene. Det er ei utfordring å tilpassa drifta på kort varsel. Tenestene som har vore retta mot asylsøkjjarane kan ikkje takast heilt bort fordi dei er knytte til tenester for andre motakarar, til dømes for flyktingar.

tilskot 2018,           kr. 1,6 mill.

### Fjell

tilskot 2017,           kr. 1,8 mill.

Kommunen har hatt stor folkevekst og har ei ung befolkningssamansetjing. I dei eldre aldersgruppene har kommunen langt færre innbyggjarar enn landsgjennomsnittet. Over tid må det påreknast stor vekst i dei eldre aldersgruppene.

I førebels utrekning blir veksttilskotet redusert frå kr. 11,8 mill. i 2017 til kr. 6 ½ mill. i 2018.

Kommunen har nynorsk som hovudmål. Ein stor del av foreldra vil ha bokmål for barna i skulen. Det fører til auka kostnader til språkdeling i skulen.

Eigedomsskatt for 2017 er vedteke med to promille av skattetakst på verk og bruk og anna nærings eigedom. Det er ikkje gjort vedtak om å innføra eigedomsskatt på andre faste eigedomar i kommunen.

tilskot 2018,           kr. 1,7 mill.

### Askøy

tilskot 2017,           kr. 1,8 mill.

Kommunen har hatt høg folkevekst i mange år og har ei ung befolkningssamansetjing. I dei eldre aldersgruppene har kommunen langt færre innbyggjarar enn landsgjennomsnittet. Det må påreknast stor vekst i dei eldre aldersgruppene over tid.

Kommunen får veksttilskot i år. I førebels utrekning blir dette redusert frå kr. 7,9 mill. i 2017 til kr. 6,0 mill. i 2018.

Det er eit stort press på utbygging og kommunen har eit stort investeringsbehov, særleg innanfor skulesektoren. Kommunen har eit høgt gjeldsnivå.

På bakgrunn av det høge investeringsbehovet, er det lagt opp til å utvida eigedomsskatten frå verk og bruk til faste eigedomar i heile kommunen frå 2017 (også fritidseigedomar frå og med 2018).

tilskot 2018,           kr. 1,9 mill.

### Vaksdal

tilskot 2017,           kr. 1,0 mill.

Kommunen har særskilte utfordringar knytte til næringsutvikling. Det er krevjande å skaffa nye arbeidsplassar som kan erstatta bortfall av arbeidsplassar i den tradisjonelle industrien innan tekstil og trikotasje.

Det er utfordringar med å leggje til rette for busetnad og næringsareal som følgje av topografien i kommunen. Det er rasfare i store delar av kommunen. Kommunen må også ha høg beredskap som følgje av den sterkt trafikkerte E16, som også er utsett for ras.

Kommunen har relativt høg eigedomsskatt frå vasskraftanlegg. Eigedomsskatten er noko redusert i 2015 og 2016.

tilskot 2018,           kr. 0,9 mill.

#### Modalen

Kommunen har høg naturressursskatt og eigedomsskatt frå vasskraftanlegg. Fylkesmannen finn ikkje å kunne gi skjønstilskot for 2018.

#### Osterøy

tilskot 2017,           kr. 4,4 mill.

Kommunen har mange tunge brukarar innan helse og omsorgssektoren. Det har vore ein auke i tiltaka for yngre brukarar i dei siste åra.

Kommunen har mykje kommunal veg i høve til innbyggjartalet. Vegvedlikehaldet har ikkje vore prioritert som følge av svak økonomi.

Kommunen fekk inntektstap frå 2016 til 2017 i samband med omlegginga av inntekts-systemet, både gjennom redusert basistilskot og lågare utgiftsutjamning. Tapet er langt på veg kompensert i 2017 gjennom overgangsordninga INGAR. Denne kompensasjonen vil bli grad-vis trappa ned i dei neste åra.

Kommunen utvida eigedomsskatten frå verk og bruk til faste eigedomar i heile kommunen frå og med 2007. Eigedomsskatt aukar frå 2016 til 2017 som følge av ny taksering av skatteobjekta.

tilskot 2018,           kr. 4,2 mill.

#### Meland

tilskot 2017,           kr. 4,1 mill.

Kommunen har i dei siste åra vore ein av kommunane i landet med høgast prosentvis folkevekst. Veksttilskotet blei redusert mykje frå 2016 til 2017. For 2018 er veksttilskotet venta å bli om lag på same nivå som i 2017, det vil seie kr. 3,0 mill. Den høge folkeveksten har ført til mange utfordringar, blant anna press på nye investeringar i skulesektoren.

Mange av elevane ynskjer bokmål i skulen. Det fører til høge kostnader til språkdeling i skulen.

Større vekst i talet på eldre enn påreknar har gjort det nødvendig å ta i bruk fleire sjukeheimsplassar i år. Auken i kostnadene vil få heilårseffekt i 2018.

Kommunen viser til aukande rusproblem. Fleire personar enn tidlegare med rusproblem har no opphald i kommunen.

tilskot 2018,           kr. 3,9 mill.

### Øygarden

Ein stor prosentdel av arbeidsstyrken er arbeidslaus som følge av situasjonen i oljenæringa. Høg arbeidsløyse har ført til auka kostnader til sosialhjelp. Kommunen er no ein av kommunane i fylket med høgast arbeidsløyse.

Kommunen har høg eigedomsskatt frå olje- og gassindustri. Kommunen hadde eigedomsskatt i 2016 med om lag kr. 150,8 mill.

Fylkesmannen finn ikkje å kunne gi skjønstilskot for 2018.

### Radøy

tilskot 2017,           kr. 3,7 mill.

Kommunen er ein av kommunane i fylket med det lågaste skattenivået, 79,4 prosent av landsgjennomsnittet i 2016.

Kommunen har mange ressurskrevjande brukarar. Kommunen har hatt aukande kostnader til ressurskrevjande tenester i dei siste åra. Talet på registrerte PU - brukarar i kommunen er vesentleg høgare enn for landsgjennomsnittet. Kommunen viser til at det er netto meirkostnader knytte til desse brukarane, ut over statlege tilskot.

Kommunen viser til at stønad til livsopphald har auka mykje i dei siste åra. Det har blant anna samanheng med at det er registrert fleire storfamiliar utan lønsinntekt, fleire personar med rusproblem og at fleire av brukarane har born.

Det er høgt sjukefråvær i kommunen, både i offentleg og privat sektor. Kommunen har høgast sjukefråvær i Nordhordland. Det er sett i gang fleire tiltak for å få ned sjukefråværet utan at dette førebels har gitt effekt.

tilskot 2018,           kr. 3,6 mill.

### Lindås

Kommunen vil få relativt stor reduksjon i veksttilskotet frå 2017 til 2018.

Statoil sitt oljeraffinerianlegg ligg på Mongstad og gir høge eigedomsskatteinntekter. Eigedomsskatten til kommunen i 2016 var kr. 163,4 mill.

På bakgrunn av den høge eigedomsskatten frå Mongstad anlegget, finn vi ikkje å kunne gi skjønstilskot for 2018.

### Austrheim

tilskot 2017,           kr. 2,0 mill.

Kommunen har for 2017 utvida eigedomsskatten frå verk og bruk til også annan nærings-eigedom. Det er ikkje gjort vedtak om utviding av eigedomsskatt til bustader og fritidseigedomar.

Kommunen har eit relativt godt inntektsgrunnlag, både som følge av høg personskatt og eigedomsskatt frå ein del av Mongstad - anlegget.

Kommunen fekk ikkje småkommunetilskot i perioden 2014 - 2016 som følgje av høgt personskattenivå. Kommunen får småkommunetilskot i 2017 og 2018 men redusert med halvdel av fullt tilskot, som følgje av høg distriktsindeks.

Kommunen viser til at det framleis er store ekstra kostnader til ressurskrevjande elevar i skulane. Det er også store ekstrakostnader til barn med særlege behov i barnehagane.

Kommunen har høg arbeidsløyse som følgje av situasjonen i oljenæringa. Kommunen hadde i august i år det høgaste talet på arbeidslause i prosent av arbeidsstyrken av kommunane i fylket (tal frå NAV). Høg arbeidsløyse har blant anna bidrege til at utbetalingane til stønad for livsopphald har auka vesentleg. Kommunen sine kostnader i denne samanheng har vore aukande frå og med 2015.

Det er ei overordna målsetjing å dekkja inn restunderskotet frå 2015 i rekneskapen for 2017.

tilskot 2018,                   kr. 2,0 mill.

#### Fedje

tilskot 2017,                   kr. 1,5 mill.

Kommunen har over lang tid hatt ei negativ utvikling i folketalet. I dei siste par åra har folketalet vore stabilt og auka noko. Kommunen har i mange år tilrettelagt for busetjing og næringsverksemd.

Kommunen har for ein stor del eldre bygningsmasse som krev fornying. Det gjeld både sjukeheimen og skulen.

Kommunen får fullt småkommunetilskot i 2017 og 2018.

tilskot 2018,                   kr. 1,4 mill.

#### Masfjorden

Kommunen har eit godt inntektsgrunnlag som følgje av naturressursskatt og eigedomsskatt frå vasskraftanlegg.

Kommunen vil få småkommunetilskot også i 2018. Tilskotet er i 2017 og 2018 redusert frå fullt tilskot som følgje av relativt høg distriktsindeks.

Fylkesmannen finn ikkje å kunne gi skjønstilskot for 2018.

Fylkesmannen har ikkje merknader utover dette.

Med helsing

Lars Sponheim

Rune Fjeld  
assisterande fylkesmann

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

<b>ÅR :</b>				
<b>2018</b>				
<b>i kr. 1,000,-</b>		<b>tilskot</b>	<b>tilskot</b>	<b>endring i</b>
		<b>2017</b>	<b>2018</b>	<b>kr.</b>
<b>KOMMUNANE</b>				
<b>1201 Bergen</b>		16700	16200	-500
<b>1211 Etne</b>		3600	3500	-100
<b>1216 Sveio</b>		3800	3600	-200
<b>1219 Bømlo</b>		9700	8800	-900
<b>1221 Stord</b>		2300	2200	-100
<b>1222 Fitjar</b>		3100	3000	-100
<b>1223 Tysnes</b>		4000	3700	-300
<b>1224 Kvinnherad</b>		0	0	0
<b>1227 Jondal</b>		1700	1500	-200
<b>1228 Odda</b>		0	0	0
<b>1231 Ullensvang</b>		2600	2900	300
<b>1232 Eidfjord</b>		0	0	0
<b>1233 Ulvik</b>		0	0	0
<b>1234 Granvin</b>		1700	1700	0
<b>1235 Voss</b>		5500	5300	-200
<b>1238 Kvam</b>		8800	7900	-900
<b>1241 Fusa</b>		5100	4900	-200

<b>1242 Samnanger</b>		2400	2400	0
<b>1243 Os</b>		1100	1100	0
<b>1244 Austevoll</b>		1700	1600	-100
<b>1245 Sund</b>		1200	1600	400
<b>1246 Fjell</b>		1800	1700	-100
<b>1247 Askøy</b>		1800	1900	100
<b>1251 Vaksdal</b>		1000	900	-100
<b>1252 Modalen</b>		0	0	0
<b>1253 Osterøy</b>		4400	4200	-200
<b>1256 Meland</b>		4100	3900	-200
<b>1259 Øygarden</b>		0	0	0
<b>1260 Radøy</b>		3700	3600	-100
<b>1263 Lindås</b>		0	0	0
<b>1264 Austrheim</b>		2000	2000	0
<b>1265 Fedje</b>		1500	1400	-100
<b>1266 Masfjorden</b>		0	0	0
<b>fordeling i året</b>		32400	31000	-1400
<b>SUM</b>		127700	122500	-5200



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Håvard Rød, 5557 2143

Vår dato  
12.10.2017  
Dykkar dato

Vår referanse  
2017/10027  
Dykkar referanse

Kommunane i Hordaland

### STATSBUDSJETTET 2018 - KOMMUNEOPPLEGGET

Fylkesmannen vil gi eit oversyn over hovudpunkta i framlegget til statsbudsjett for 2018.

I brevet betyr «kommunane» primærkommunane» utan at fylkeskommunane er med og «departementet» Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD).

#### Det økonomiske opplegget for 2017

I revidert nasjonalbudsjett var det ein pårekna skatteauke for kommunane i år på 1,0 prosent.

Dei pårekna skatteinntektene er no justerte opp med i underkant av kr. 3,4 mrd. samla for kommunane i landet i høve til nivået i revidert nasjonalbudsjett. Pårekna skatteauke for i år blir med det justert opp frå 1,0 prosent til 3,3 prosent, i høve til faktisk innkomen skatt i 2016.

Bakgrunnen for høgare skattevekst for kommunane er ekstraordinært stort utbytte til personlege skattyttarar for inntektsåret 2016.

Den samla pris og kostnadsveksten i kommunane (kostnadsdeflatoren ) er uendra frå revidert nasjonalbudsjett, det vil seie 2,3 prosent.

#### Regjeringa sitt framlegg for budsjettåret 2018

Det er rekna med ein nominell skatteauke for kommunane frå 2017 til 2018 med 2,4 prosent. Pårekna skatteinntekter i 2018 byggjer blant anna på pårekna sysselsetjingsvekst (1,1 prosent) og lønsvekst ( 3 prosent).

Det er i statsbudsjettet lagt opp til at det kommunale skatteøyret blir uendra frå 2017 til 2018, det vil seie 11,80 prosent.

Det er lagt opp til at skattedelen av kommunane sine samla inntekter skal vere om lag 40 prosent også for 2018.

Den samla pris og kostnadsveksten i kommunane (kostnadsdeflatoren) er i framlegget 2,6 prosent. Pårekna lønsvekst inngår i deflatoren med 3,0 prosent for 2018, og tel om lag to tredelar av den samla deflatoren. Pårekna prisvekst på varer og tenester vil inngå i deflatoren med 1,9 prosent. Deflatoren blir nytta til prisjustering av statlege rammetilskot og øyremerkte tilskot i statsbudsjettet.



### Frie inntekter - skatt og rammeoverføring samla

Vedlagt tabell syner rammeoverføring og pårekna frie inntekter for 2018. Pårekna skatt og inntektsutjamning i tabell byggjer på kommunane sin faktiske skatteinngang i 2016. Når det gjeld dette grunnlaget, er det justert for pårekna skatteutvikling i 2017 og 2018.

I berekning av skatteprognose for 2018 er det justert for same endring i prosent i høve til rekneskap 2016 for alle kommunane uavhengig av den lokale utviklinga i kvar kommune etter 2016. Denne skatteprognosen er nytta som grunnlag for pårekna inntektsutjamning.

Veksten i rammeoverføring frå 2017 til 2018 vil variera mellom kommunane. Hovudårsakene er følgjande punkt som påverkar kommunane ulikt:

- verknad av omlegginga av inntektssystemet frå 2017
- oppdatering av kostnadsnøklane i utgiftsutjamninga frå 2017
- endring i kriteriegrunnlaget (t.d. talet på eldre) og talet på innbyggjarar samla
- endring i fordelinga av skjønstilskot
- endring i veksttilskot
- endring i distriktstilskot.

Priskompensasjon frå 2017 til 2018 er innarbeidd i oversynet for dei frie inntektene.

### Samla vekst i frie inntekter

Det er lagt opp til ein realvekst i dei frie inntektene for kommunane frå 2017 til 2018 med knapt 3,6 mrd. Veksten er rekna frå inntektsnivået i år som var lagt til grunn i revidert nasjonalbudsjett. Denne veksten i dei frie inntektene er realauke slik at priskompensasjonen frå 2017 til 2018 vil kome som eit tillegg i inntektene.

Det er lagt opp til at auken i dei frie inntektene frå 2017 til 2018 skal dekkja auka ressursinnsats i kommunane til:

1. Kr. 2,2 mrd. i pårekna meirutgifter som følgje av befolkningsutviklinga, både med omsyn til folkevekst og alderssamansetjing. Dette er den delen av samla meirutgifter knytte til den demografiske utviklinga (kr. 2,2 milliard av kr. 2,7 milliard) som er pårekna å bli dekte av veksten i dei frie inntektene.
2. Det er venta at pensjonskostnadene for kommunane vil auke ut over det som blir kompensert gjennom prisjustering av inntektene. For kommunane kan denne realveksten i utgiftene omtrentleg reknast til kr. 0,30 mrd. (kr. 0,35 mrd. for heile kommuneforvaltninga).
3. Delar av veksten i dei frie inntektene kan dessutan knytast til følgjande satsingsområde:
  - Kr. 300 mill. til opptrappingsplan for rusomsorg. Dette er eit trinn i ein opptrappingsplan med auka løyvingar til rusområdet i perioden 2016 - 2020
  - Kr. 200 mill. til tidleg innsats i barnehage og skule

-Kr. 200 mill. til førebyggjande tiltak for barn, unge og familiar. Det er ei målsetjing å gjere kommunane i stand til å ta større ansvar på barnevernsområdet, jf. barnevernsreforma.

Det er rekna med ein nominell vekst i kommunane sine samla frie inntekter på landsbasis frå 2017 til 2018 med 2,6 prosent. Veksten er rekna i høve til noverande pårekna inntektsnivå i år.

Auka rammeoverføring blir gitt for nye oppgåver og omfattar også heilårsverknader i denne samanhengen. Utrekna prosentvekst i dei frie inntektene er korrigererte for dette, også i vedlagt tabell, slik at det ikkje inngår i prosentveksten.

Dette vil også omfatta innlemming av øyremerkte tilskot i rammetilskotet.

## **Aktuelle saker**

### Opptappingsplan for rus

Det er ein opptappingsplan med auka løyvingar til rusområdet i perioden 2016 - 2020. Satsinga kjem i hovudsak ved at ein del av veksten i dei frie inntektene er grunnlagt med satsinga på rusomsorg. I 2016 og 2017 var denne opptappinga gjennom rammetilskotet på til saman kr. 700 mill.

For 2018 er det lagt opp til ei ytterlegare opptapping av rammetilskotet med kr. 300 mill. Fordelinga mellom kommunane blir gjort etter delkostnadsnøkkelen for sosialhjelp i inntektsystemet.

### Helsestasjon og skulehelseteneste

Rammetilskot knytt til satsinga på helsestasjon og skulehelsetenesta blir vidareført frå 2017 til 2018, med priskompensasjon. For 2018 blir rammetilskotet knytt til føremålet kr. 753,5 mill. Midlane blir fordelte mellom kommunane på grunnlag av talet på innbyggjarar i alderen 0 - 19 år, med eit minstenivå på kr. 100.000,- per kommune.

### Dagtilbod demente

Kommunane vil frå 01. januar 2020 få plikt til å tilby dagaktivitetstilbod til heimebuande personar med demens. Det er lagt opp til utbygging av tilbodet fram mot år 2020.

Tilskotsordninga til dagaktivitetstilbod for personar med demens blir vidareført. Det er framlegg om å leggja til rette for 350 nye plassar i 2018.

### Innlemming av bustadsosiale tilskot i rammetilskotet

I 2017 blei kr. 10 mill. av øyremerkt bustadsosialt tilskot (Arbeids- og sosialdepartementet) innlemma i rammetilskotet. For 2018 er det framlegg om å innlemma kr. 28 ½ mill. i rammetilskotet.

I 2017 blei kr. 5,7 mill. av øyremerkt bustadsosialt kompetansetilskot ( KMD ) innlemma i rammetilskotet. For 2018 er det framlegg om å innlemma kr. 15 ½ mill. i rammetilskotet.

### Tilskot frivilligsentralar

Tilskot til frivilligsentralar blei innlemma i rammetilskotet i 2017. I tillegg til priskompensasjon frå 2017 til 2018 vil ytterlegare kr. 15 mill. bli fordelt i 2018. Totalt kr. 169,9 mill. vil bli fordelt med særskilt fordeling i 2018, med utgangspunkt i fordelinga av det øyremerkte tilskotet i 2016.

### Tidleg innsats i barnehage og skule

Regjeringa gjer framlegg om å styrka arbeidet med tidleg innsats i barnehage og i skulen for å fanga opp utfordringar tidleg og følgja dei opp raskt. Kroner 200 mill. av veksten i dei frie inntektene er grunnlagt med denne satsinga i 2018.

Halvdelen av desse midlane blir fordelte mellom kommunane etter delkostnadsnøkkelen for barnehage. Den andre halvdelen av midlane blir fordelte etter delkostnadsnøkkelen for grunnskule.

### Barnevern

Kroner 200 mill. av veksten i dei frie inntektene er grunnlagt med førebyggjande tiltak for barn, unge og familiar. Målsetjinga er at kommunane skal kunne ta eit større ansvar på barnevernsområdet, i lys av barnevernsreforma. Midlane blir fordelte mellom kommunane etter den samla kostnadsnøkkelen.

### Sjukaheimsplassar og omsorgsbustader

I revidert nasjonalbudsjett for 2017 vart tilsegnsskema utvida slik at det kan bli gitt investeringstilskot til omtrent 3100 plassar i år med heildøgnsomsorg, fordelte mellom omsorgsbustader og sjukaheimsplassar. For 2018 er det framlegg om ei tilsegnsskema som vil gi grunnlag for å gi investeringstilskot til om lag 1800 nye einingar.

I 2017 er tilskotssats 55 prosent av godkjent investeringsgrunnlag for sjukaheimsplassar og 45 prosent av godkjent investeringsgrunnlag for omsorgsbustader. Det er lagt opp til dei same tilskotssatsane i 2018 som i 2017.

Målgruppa for ordninga er personar med behov for heildøgns helse- og omsorgstenester uavhengig av alder, diagnose og funksjonshemming.

Stortinget har vedteke ei gradvis endring (2017 - 2020) i investeringstilskotet slik at det frå og med 2021 berre blir gitt investeringstilskot til heildøgns omsorgsplassar som aukar det samla talet på plassar i kommunen, det vil seie ikkje tilskot til rehabilitering av eksisterande plassar. Omlegginga blir med det gjennomført med 40 prosent verknad i 2018.

### Ressurskrevjande tenester

Ordninga med øyremerkte tilskot for ressurskrevjande tenester gjeld for tenestemottakarar til og med det året dei blir 67 år. Utbetaling av tilskot til kommunane i 2018 er basert på direkte lønsutgifter i 2017 knytte til tenestemottakarar.

Det er lagt opp til følgjande for 2018:

- Kompensasjonsgraden blir vidareført med 80 prosent av netto utgifter ut over innslagsnivået.

- Innslagsnivået for å få kompensasjon blir auka per brukar frå kr. 1,157 mill. til kr. 1,235 mill. for netto utgifter i 2017. Det inneber ein auke på kr. 50.000,- utover justering for pårekna lønsvekst i 2017 ( 2,4 prosent).
- Kompensasjonen som blir utbetalt frå staten til kommunane i 2018 skal kommunane inntektsføra i sine rekneskap for 2017. Kommunane skal inntektsføra den pårekna kompensasjonen i rekneskapen for det same året som utgiftene har vore. Tilskot for psykisk utviklingshemma (16 år og eldre) i rammetilskotet blir trekt frå nettoutgiftene i berekningsgrunnlaget. Eventuelle øyremerkte tilskot blir også trekt frå berekningsgrunnlaget.

### Barnehagar

Stortinget vedtok i revidert nasjonalbudsjett for 2017 at det øyremerkte tilskotet til fleire barnehagelærarar på kr. 172,2 mill. blei overført til rammetilskotet. Heilårsverknad av denne innlemminga i rammetilskotet utgjer for 2018 (sju månader i tillegg), med priskompensasjon (2,6 prosent), kr. 247,2 mill. Dette blir innlemma i rammetilskotet for 2018.

Det er lagt opp til auka foreldrebetaling i barnehage med kr. 110,- per måned. Rammetilskotet blir på denne bakgrunn redusert med kr. 301,5 mill.

### Vedlikehald og rehabilitering

Det er i 2016 og 2017 gitt eit eige øyremerkte tilskot til vedlikehald og rehabilitering for kommunar på Sør- og Vestlandet med høg arbeidsløyse. I 2017 er den samla ramma for tilskotet kr. 650 mill.

Det er ikkje framlegg om noko løyving i 2018.

### **Inntektssystemet i 2018**

Det er ikkje lagt opp til omleggingar i inntektssystemet frå 2017 til 2018 knytte til:

- inntektsutjamning
- utgiftsutjamning med basistilskot
- veksttilskot
- distriktstilskot
- småkommunetillegg

Veksttilskotet for 2018 vil bli gitt til kommunar som har hatt ein gjennomsnittleg årleg befolkningsvekst på 1,4 prosent eller meir dei siste tre åra. Veksttilskotet blir gitt som eit fast tilskotsbeløp per ny innbyggjar utover vekstgrensa. Tilskotssats for 2018 er i framlegget kr. 57.191,-, som er det same som for 2017.

Det er i framlegget lagt opp til å ikkje prisjustera satsane for dei regionalpolitiske tilskota frå 2017 til 2018. Dette omfattar distriktstilskot med småkommunetillegget, veksttilskot og storbytilskotet. Dei frigjorte midlane vil i staden bli omdisponert til ei styrking av innbyggjar-tilskotet og vil med det bli fordelte mellom alle kommunane.

Det vil vere endringar i distriktstilskot med småkommunetillegget for nokon kommunar frå 2017 til 2018 som følgje av endring i distriktsindeks og endringar i innbyggjartalet.

Overgangsordninga INGAR gir kompensasjon for ei utvikling i rammetilskotet med meir negativt avvik enn grenseverdien frå landsgjennomsnittet, frå eit år til det neste. Grenseverdien for kompensasjon blir justert opp frå kr. 300,- per innbyggjar i 2017 til kr. 400,- per innbyggjar i 2018.

Vi viser til informasjon om inntektssystemet i vårt brev av 19.mai d.å. om kommuneopplegget for 2018.

#### Skjønstilskot

Fylkesmannen vil senda kommunane brev med grunngjeving for fordelinga av det ordinære skjønstilskotet for 2018.

### **Kommunereform**

#### Regionsentertilskot

Tilskotet skal gå til kommunar som slår seg saman når den nye samanslåtte kommunen vil bli meir enn om lag 8000 innbyggjarar. Det blir ikkje gitt regionsentertilskot til kommunar som mottek storbytilskot.

Regionsentertilskotet er fordelt mellom dei framtidige samanslåingskommunane med ein sats per samanslåing (60 prosent av samla tilskot) og ein sats per innbyggjar (40 prosent av samla tilskot). Fordelinga mellom kommunane i kvar samanslåing er gjort på grunnlag av innbyggjartalet.

Det er lagt til grunn at tilskotet blir nytta til fellestiltak for den nye samanslåtte kommunen.

Ramma for tilskotet blir på landsbasis utvida frå kr. 100 mill. i 2017 til kr. 200 mill. i 2018, med heilårsverknad.

Det er ikkje gitt signal om vidareføring av regionsentertilskotet utover 2018.

Fordelinga av tilskotet går fram av vedlagt tabell.

#### Overgangsordning 2017 - 2019

Det blir i perioden 2017 - 2019 gitt årleg kompensasjon til kommunar i samanslåing som har fått redusert basistilskot frå 2016 til 2017 på grunn av omlegginga til gradering av halvdelen av basistilskotet (basert på strukturverdi i høve til grenseverdi).

I utrekninga av kompensasjon blir det teke omsyn til den kompensasjonen som kjem gjennom overgangsordninga INGAR.

Kompensasjon i denne overgangsordninga blir også gitt til kommunar i samanslåing som får redusert småkommunetilskot som følge av trekk, frå og med 2017, basert på distriktsindeks. Ingen av kommunane i Hordaland i kommunesamanslåingar blir omfatta av dette trekket.

Tilskotet vil i 2018 inngå i innbyggjartilskotet med særskilt fordeling. Fordelinga i 2018 er i vidareføring frå 2017, med tillegg av priskompensasjon.

Kompensasjonen er vist i egen kolonne i vedlagt tabell. Beløpa er ein del av tilskotsbeløpa i kolonne for innbyggjartilskotet.

#### Ufrivillig åleine

Det blir gitt delvis kompensasjon til kommunar som er blitt ståande ufrivillig åleine etter kommunereforma og som tapte på omlegginga av basistilskotet eller småkommunetilskotet frå 2016 til 2017.

I utrekninga av kompensasjon blir det teke omsyn til den kompensasjonen som blir gitt gjennom overgangsordninga INGAR.

I 2017 er det gitt kompensasjon til Stord kommune. Det er lagt opp til å vidareføra dette tilskotet frå 2017 til 2018, med priskompensasjon. Tilskotet vil bli gitt av departementet (KMD) sine ikkje fordelte skjønsmidlar. Det er difor ikkje med i vedlagt tabell.

#### Eingongstilskot og inndelingstilskot

Tilskot for eingongskostnader er utbetalt i år, samt tilskot knytt til infrastrukturtiltak.

Reformtilskot vil bli utbetalt etter at kommunesamanslåing har vorte sett i verk. Det vil seie etter 01. januar 2020.

Årleg inndelingstilskot blir utbetalt frå og med år 2020 ( i 15 + 5 år). Det erstattar bortfall av basistilskot og eventuelt bortfall av småkommunetilskot/reduksjon distriktstilskot som følgje av samanslåing. Inndelingstilskotet vil vere basert på tilskot og kriteriegrunnlaget for 2016. Det blir tillagt årleg priskompensasjon. Basistilskotet i 2016 var kr. 13,2 mill. for kvar kommune.

Med helsing

Lars Sponheim

Rune Fjeld  
assisterande fylkesmann

Vedlegg

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift*

## RAM-00-18 (L)(64673)

	A	B	C	D	E	F	G	H	I	J	K	L
1	OVERFØRING											
2	KR. 1.000,-											
3	2018											
4			storby +				over-					
5		innb.t.	region-	små	distrikts-	vekst	gangs-	ordinært	SUM	Pårekna	SUM pårekna	Pårekna vekst i
6	KOMMUNE	m/utg.utj.	senter	komm.	tilskot	tilskot	ordning	skjøn	ramme	skatt +	frie	% frå rekneskap
7		m/INGAR	tilskot	tillegg	S.-Noreg		k.reform		overføring	innt.utj.	inntekter	2017 til 2018
8												
9	Bergen	5920037	100559	0	0	0	0	16200	6036796	8600580	14637376	3,1
10	Etne	125530		0	0	0	0	3500	129030	117759	246789	2,1
11												
12	Svelo	163010		0	0	0	0	3600	166610	160771	327381	2,4
13	Bømlo	323331		0	0	0	0	8800	332131	352096	684227	1,5
14												
15	Stord	439744		0	0	0	0	2200	441944	538766	980710	2,3
16	Fitjar	93873		2772	0	1013	0	3000	100658	92422	193080	1,7
17	Tysnes	94301		3881	0	0	0	3700	101882	82993	184875	1,9
18	Kvinnherad	351957		0	15594	0	0	0	367551	377618	745169	2,5
19	Jondal	47079	377	5543	0	0	0	1500	54499	31467	85966	1
20												
21	Odda	188361	2392	0	8837	0	492	0	199590	212400	411990	1,5
22	Ullensvang	121355	1150	0	4872	0	0	2900	130277	96065	226342	1,5
23	Eldfjord	35321		0	0	0	0	0	35321	37928	73249	1,1
24	Ulvik	48386		5543	0	0	0	0	53929	34310	88239	1,1
25	Granvin	35989	252	5543	0	0	415	1700	43484	26491	69975	1,1
26												
27	Voss	407415	3927	0	3404	0	4232	5300	420046	413869	833915	2,9
28	Kvam	251451		0	6213	0	0	7900	265564	240157	505721	2,1
29	Fusa	123943	769	0	0	0	199	4900	129612	112217	241829	1,4
30	Samnanger	76272		2772	0	0	0	2400	81444	71930	153374	1,5
31	Os	234987	3978	0	0	13418	4904	1100	253483	581153	834636	4,4
32												
33	Austevoll	163176		0	0	432	0	1600	165208	176044	341252	3
34	Sund	187938	1066	0	0	2751	3761	1600	193355	200879	394234	3
35	Fjell	538794	3807	0	0	6556	3892	1700	550857	737073	1287930	2,6

## RAM-00-18 (L)(64673)

	A	B	C	D	E	F	G	H	I	J	K	L
36	Askøy	712620		0	0	6042	0	1900	720562	820306	1540868	2,8
37	Vaksdal	134992		0	4548	0	0	900	140440	117383	257823	2
38												
39	Modalen	28468		0	0	0	0	0	28468	16908	45376	2,4
40	Osterøy	195043		0	0	0	0	4200	199243	227754	426997	1,7
41	Meland	201052	1407	0	0	3049	562	3900	209408	228143	437551	3
42	Øygarden	137721	742	0	0	167	2944	0	138630	139830	278460	2,4
43	Radøy	140713	900	0	0	0	2343	3600	145213	145606	290819	2,3
44												
45	Lindås	386645	2759	0	0	391	1110	0	389795	448817	838612	1,5
46	Austrheim	84470		2772	0	0	0	2000	89242	88555	177797	3,5
47	Fedje	33623		5543	0	41	0	1400	40607	16699	57306	3,7
48	Masfjorden	71147		3326	0	0	0	0	74473	52849	127322	1,5
49	Ikkje fordelt	0		0	0	0		31000	31000	0	31000	
50	Hordaland	12098744	124085	37695	43468	33860	24854	122500	12460352	15597838	28058190	2,7
51	Heile landet											2,6
52												



	M
1	
2	
3	
4	
5	
6	
7	
8	
9	
10	
11	
12	
13	
14	
15	
16	
17	
18	
19	
20	
21	
22	
23	
24	
25	
26	
27	
28	
29	
30	
31	
32	
33	
34	
35	



## KONTROLLUTVALET FOR MASFJORDEN KOMMUNE MØTEUTSKRIFT

**Møtedato:** 17.10.2017  
**Stad:** Møterommet, Masfjorden kommunehus  
**Kl.:** 09.15 – 12.00  
**Tilstade:** Arthur Sjursen (leiar), Wenche Dåe (medlem)  
**Innkalla:** Rådmann Svein Helge Hofslundsengen og ordfører Karstein Totland  
**Revisjon:** Reidar Bjørsvik og Ragnhild Kartveit Høyland  
**Sekretær:** Øivind Olsnes  
**Forfall:** Willy Borge

---

### 18/17 Godkjenning av innkalling og sakliste

Leiar orienterte om bakgrunn for manglande vara til utvalet.

**Samrøystes vedtak:**

Innkalling og sakliste vart godkjent.

### 19/17 Godkjenning av møteutskrift

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet godkjenner møteutskrift frå sist møtet 18.04.17.

### 20/17 Skriv og meldingar

Saksvedlegg: Rapport frå tilsyn, Fylkesmannen i Hordaland

- a. Rapport frå tilsyn med Masfjorden kommune, Fylkesmannen i Hordaland
- b. NKRF «Kontrollutvalskonferansen 2018», 7. - 8. februar
- c. Revidert kraftfondsbudsjett 2017, vedtak sak 009/17 Kraftfondstyret

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek meldingane til vitande.

### 21/17 Orientering om status forvaltningsrevisjonsprosjekt «Kommunen som skuleeigar»

Saksvedlegg: Notat frå Nordhordland Revisjon datert 06.10.17 vedkomande endring av forvaltningsprosjektet «Kommunen som skuleeigar» og revidert prosjektplan var ettersendt medlemmane i epost den 10.10.2017.

I sak 28/16 og 35/16 har kontrollutvalet bestilt prosjektplan for forvaltningsrevisjonsprosjektet «Kommunen som skuleeigar».

Oppstart og framdrift for prosjektet har vorte forseinka i høve kva som først var planlagt, men prosjektet er no under arbeid og rapport vil verte ferdig for handsaming i kontrollutvalet våren 2018.

Opplæringslova kapittel 9A om elevane sitt skulemiljø vart endra med lov av 9. juni 2017. Endringane, som gjeld alle føresegner i dette kapittelet i lova, tredde i kraft 1. august 2017. I notat frå Revisjonen vert det peika på at det derfor vil vere lite føremålstenleg å gjennomføre ein forvaltningsrevisjon knytt til psykososialt miljø i prosjektet.

Revisjonen rår derfor til at pkt. 2 («*Oppfyller kommunen si plikt til å sikre eit godt psykososialt miljø etter opplæringslova §9a-1?*») i vedtekne problemstillingar den 14.12.16 utgår.

Revisjonssjef Reidar Bjørsvik og Ragnhild Kartveit Høyland orienterte om status for arbeidet med forvaltningsrevisjonsprosjektet.

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet takka for orienteringa og tek denne til vitande.

Kontrollutvalet godkjenner framlegget til revidert prosjektplan. Grunna endring i opplæringslova § 9A vil problemstillinga vedkomande psykososialt miljø i den tidlegare prosjektplanen utgå.

**22/17 Oppfølging av revisjonen sine kommentarar til årsrekneskapet for 2016**

Saka vart handsaman før sak 21/17.

Rekneskap og årsmelding for 2016, Masfjorden kommune, Revisjonsmelding og revisjonsrapport nr. 15, Nordhordland Revisjon IKS vart handsama i møte den 18.04.17 (sak 13/17).

Kommunen var då på etterskot med ein del oppgåver innafor rekneskap og økonomi. Kontrollutvalet vedtok derfor å følgje opp revisjonen sine kommentarar hausten 2017.

Revisjonssjef Reidar Bjørsvik orienterte om at det frå neste år vil verte ein endra rutine med strengare krav i høve endeleg avlegging av rekneskapet pr. 15.02. Revisjonen vil følgje opp med nærmare informasjon om dette.

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen var innkalla til møtet og gjorde greie for ulike tiltak som er og vil verte sett i verk, men understreka at det framleis står att ein del arbeid. Kommunen vil setje inn ressursar for ei tettare oppfølging og vil endre ulike interne rutinar. På kort sikt manglar ein personalressurs på dette fagområdet.

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet takka for orienteringa og tek denne til vitande, men ber om at rådmannen føl saka tett opp.

## 23/17 Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske utval

### Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet hadde ingen merknader til møteprotokollane.


## 24/17 Eventuelt

Neste møte i kontrollutvalet er onsdag 29. november kl. 09.15.

Saker på neste møte er:

- Oppfølging revisjonsrapport
- Revisor sin uavhengighet
- Orientering frå administrasjonen om rutinar og system for vedlikehaldsarbeid av kommunale bygningar

Masfjorden, 17.10.2017

  
Arthur Sjursen/leiar

  
Wenche Daa /medlem

Øivind Olsnes/sekretær



Masfjorden kommune  
v/kommunestyret  
Austfjordvegen 2724  
5981 Masfjordnes

18. oktober 2017

## Orientering om fordeling av vederlag for grønt løyve

Engesund Fiskeoppdrett AS har ein stor del av sitt driftsgrunnlag i Masfjorden kommune. Vi har dei siste åra bygd opp naudsynt infrastruktur, gjort opprydding av tidlegare torskelokalitetar og etablert visningstilbod slik at publikum i nærområdet kan oppleve akvakulturnæringa på nært hald. For å oppretthalde vårt gode samarbeid med Masfjorden kommune ynskjer vi kort å opplyse kommunestyret om vår aktivitet i kommunen og vårt arbeid for å sikre at kommunen får ta del i fordelinga av dei grøne løyvingane frå Stortinget.

Ved etablering av vårt grøne løyve i Masfjorden kommune var vårt håp og ynskje at Masfjorden kommune skulle få sin del av vederlaget som skulle fordelast mellom vertskommunane.

For å sikre finansiering av løyvet var det på det aktuelle tidspunktet naudsynt å få ut et løyvedokument slik at vår bankforbindelse kunne ta pant i løyvet. Løyvedokument kan berre skrivast ut når tilsagnet blir klarert på lokalitet. På det tidspunktet var det berre teknisk mogleg etter akvakulturregelverket å få ut løyvedokumentet på ein lokalitet i Fitjar. Derfor vart løyvet først klarert i Fitjar kommune, før vi etter svært kort tid fekk løyvet meldt av lokaliteten og meldt inn på lokalitet Ådnekvamme i Masfjorden som ledd i å sikre at også Masfjorden kommune fikk ta del i vederlaget.

Vi er gjort kjent med at Nærings- og fiskeridepartementet har lagt avgjerande vekt på kvar løyvet først vart klarert og på det grunnlag har departementet bedt Fiskeridirektoratet om å utbetale heile den kommunale andelen til Fitjar kommune.

Etter vår vurdering blir denne tilnærminga både urimeleg og feil ettersom løyvet aldri har vore i bruk i Fitjar og at løyvet heller ikkje kan brukast i Fitjar etter innføringa av dei nye produksjonsområda. På det grunnlag har vi sendt ei oppmoding til departementet om å fryste utbetaling og revurdere fordelinga. Vi legg ved ein kopi av vårt brev til departementet.


Det har vore svært viktig for oss at Masfjorden kommune skulle bli tilgodesett ved fordelinga.

Som nemnt har vi gjort store investeringar både i infrastruktur og opprydding av tidlegare oppdrettsaktivitet i kommunen. Masfjorden kommune er derfor ein svært viktig lagspelar for Engesund Fiskeoppdrett. Uavhengig av resultatet for fordeling av eingongsutbetalinga for det grøne

løyvet er vi derfor glad for at 80 % av vederlaget ved framtidig vekst skal fordelast på kommunal sektor. Fordelingsnøkkelen mellom kommunane er fortsatt under arbeid i departementet.

Det er no opp til Nærings- og fiskeridepartementet å gripe inn. Engesund Fiskeoppdrett AS kan ikkje overprøve Stortinget som løyvande mynde eller departementet som utøvande organ. Vi har brukt mykje ressursar for å forsøke å kanalisere grøne midlar til Masfjorden kommune. Dessverre er det ikkje meir vi kan gjere, ut over å håpe på at departementet tek vårt brev til følgje ser kor urimeleg utfallet blir i denne saka og på det grunnlag gjer ei endring i fordelinga.

Med venleg helsing  
Engesund Fiskeoppdrett AS



Svein Eivind Gilje



Nærings- og fiskeridepartementet  
Postboks 8090 Dep  
0032 Oslo

Deres ref.: 16/266-17

Fitjar, 13. oktober 2017

## Vedrørende utbetaling av midler fra grønn tillatelse

Engesund Fiskeoppdrett AS har fått tildelt en tillatelse i grønn gruppe C ("Tillatelsen"). Vi har blitt gjort oppmerksom på at Fiskeridirektoratet er i ferd med å foreta utbetaling av kommunenes andel av vederlaget. I den forbindelse er vi blitt kjent med departementets brev av 27.april 2017 der departementet avklarer at Fitjar kommune skal motta hele vederlaget.

Som liten aktør med store driftsmessige utfordringer som følge av innføringen av produksjonsområdegrensene finner vi dette svært uheldig av flere grunner.

For det første var Tillatelsen klarert i Fitjar bare for en kort periode, litt i overkant av en måned. Tillatelsen har aldri vært i drift i Fitjar og er bare klarert på lokaliteter i Masfjorden kommune, der tillatelsen nå er i drift. Derfor en fordeling som bare tilgodeser Fitjar i seg selv ikke rimelig.

For det andre vil endringer i regelverket hindre oss i å bruke den grønne tillatelsen i kommunen som blir tilgodesett. Ettersom reglene som trår i kraft i forbindelse med innføringen av produksjonsområdene også forhindrer oss i å klarere Tillatelsen i Fitjar er det vanskelig for oss å forstå hvorfor det ikke skjer en deling av vederlaget mellom Fitjar og Masfjorden kommune.

Formålet med å gi kommunene en del av vederlaget var at kommuner som stiller arealer til disposisjon til havbruksnæringen også skulle få sin del av inntektene fra oppdrettstillatelsene, jf. pressemelding fra Nærings- og fiskeridepartementet 8. november 2013.

Som presisert i St.prp.nr.1 Tillegg nr. 1 (2013-2014), og i Nærings- og fiskeridepartementets redegjørelse av 3. april 2014 (ref. 14/2080-2), var intensjonen med denne ordningen følgelig at vederlaget skulle fordeles med et likt beløp per tillatelse i de kommunene der tillatelsen lokaliseres. Dersom tillatelsen ble knyttet til lokaliteter i mer enn én kommune, skulle beløpet fordeles likt mellom de aktuelle kommunene.

Innledningsvis satte Nærings- og fiskeridepartementet et skjæringstidspunkt for fordeling av midlene til 1. november 2014, som senere ble utsatt ett år til 1. november 2015 på grunn av tidkrevende klagerunder. For tillatelser som ennå ikke var klarert på en lokalitet innen dette, ble midlene holdt tilbake for senere fordeling.

Forat formålet med ordningen skal oppnås, må tilsvarende fordelingsprinsipper også anvendes *etter* skjæringspunktet.

Masfjorden kommune har stilt areal til disposisjon og ut fra vår etablering av infrastruktur i området er det ønskelig at det stilles mer areal til disposisjon for akvakulturnæringen. Vi har fått signaler om at lokalpolitikerne vil stille seg negativ til ytterligere tilrettelegging dersom Masfjorden kommune ikke får en andel av vederlaget for den grønne tillatelsen.

Engesund Fiskeoppdrett AS anmoder Nærings- og fiskeridirektoratet om å stanse utbetaling av hele vederlaget til Fitjar kommune og endre beslutningen fra 27.april 2017 slik at vederlaget deles likt mellom Masfjorden kommune og Fitjar kommune.

Med vennlig hilsen  
Engesund Fiskeoppdrett AS

Svein Eivind Gilje



## Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Anne Kristin Rafoss		17/1045

Saknr	Utval	Type	Dato
002/2017	Kommunestyret		30.10.2017

### Orientering frå rådmann

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

### Saksopplysningar:

#### Orienteringssaker:

- Budsjetframlegg 2018
- Status investeringsprosjekt 2017
- Eigedomsskatt
- Kraftinntekter
- Møteplan 2018